

Sosiodemografisk forskningsgruppe
Statistisk Sentralbyrå
EB/GH, 2/4-73

1

SKRIFTLIG OPPGÅVE TIL SOSIOLOGI HOVEDFAG

ved

Universitetet i Bergen

S A M F U N N S S T R U K T U R O G F R U K T B A R H E T

Erling Berge

"Within narrow limits, the character of socio-economic development seems to have prescribed a single modern fertility pattern."

N.B. Ryder: "Fertility in developed countries during the twentieth century."

World Population Conference 1965.

| | INNHOLD | Side |
|--|---------|-----------|
| Del I. PROBLEMAVGRENsing | | 5 |
| 1. Innleiing | | 6 |
| 2. Teoretisk ramme | | 9 |
| 3. Presisering av problemstillinga | | 13 |
| Del II. REGIONAL FRUKTBARHET | | 18 |
| 4. Utrekning og glatting av fødselsrater | | 19 |
| 5. Den regionale variasjonen i fruktbarhet | | 23 |
| Del III. BESKRIVELSE AV SAMFUNNSSTRUKTUREN | | 24 |
| 6. Faktormodellen for beskrivelse av samfunnsstrukturen | | 25 |
| 7. Data og definisjon av variablar | | 28 |
| 8. Faktoranalyse | | 36 |
| 9. Tolking av faktorane | | 40 |
| Del IV. SAMANHENGEN MELLOM FRUKTBARHET OG SAMFUNNSSTRUKTUR. | | 46 |
| 10. Ein lineær modell for samanhengen mellom fruktbarhet og samfunnsstruktur | | 47 |
| 11. Diskusjon av resultata | | 52 |
| LITTERATUR | | 56 |

- APPENDIKS A.** Erling Berge: Identifikasjons- og konvergensproblem ved bruk av Hadwiger-funksjonen til glatting av fruktbarhetsrater
- B. Arne Rideng: Gruppering av kommuner til fruktbarhetsområder
- C. Tabellar og figurar

DEL I**PROBLEMAVGREN SING**

KAP. 1. INNLEDNING

Saman med ein stadig større grad av offentleg regulering og planlegging innan fleire og fleire sektorar av samfunnet, har etterspørtselen etter sikre prognosar over befolkningsutviklinga blitt stadig sterkare. Etter som demografisk kunnskap har akkumulert seg er det påfallande kor lite av dette som har latt seg implementere i prognosemodellar. Følgeleg kan ein oppleve at ein prognose laga i 1968/69 reknar seg fram til eit fødselstall på 69 800 i 1969 og 71 500 i 1970, mens fødselstallet faktisk fell og ein kan observere 67 700 og 63 500. Liknande slag har demografar måtta overleve før. Svært få var så overraska over etterkrigstidas "baby-boom" som ein viss skole av demografar som da hadde uroa seg over dei lave fødselskulla i 30-åra og spådd minkande folkemengde i dei europeiske landa.

Problemet har vist seg å vere innfløkt. Etter som ein har begynt å få innsikt i kor innfløkt det er, har også utsegnene om trulege utviklingslinjer blitt stendig meir forsiktige. Det einaste ein i dag er nokolunde enige om er at forskjellane i dei vitale ratene mellom nasjonane og mellom ulike strata innan nasjonane blir mindre (sjå t.d. Lettenstrøm (1965) for Norge; sjølv om forskjellane mellom ulike yrkesgrupper i Norge er blitt mindre, er den geografiske variasjonen like stor). Koplar vi dette sammen med den like trivielle observasjonen at forskjellane i levemåte også er blitt mindre, kan vi spørre oss om det kanskje skulle vere nokon samanheng her (sjå sitat på side 2 fra Ryder (1965 a)).

I befolkningsprognosesamanheng har det vist seg (Hoem (1972), Schweder (1969)) at problema med å få nokolunde treffsikre nasjonale prognosar ligg i usikkerheta ved utviklingstrendane til dei vitale ratene, særleg fødselsratene.

Tidlegare arbeid (t.d. Cho et al. (1970)) tar, i den utstrekning dei freistar å angripe dette problemet, utgangspunkt i dei komplekse individuelle prosessane og tilpasningsmekanismene som påverkar reproduksjonen. Det har ikkje vore mogeleg å avlede aggregatkonsekvensar av individ-handlingane på ein slik måte at desse har latt seg implementere i prognose-modellar.

I dette arbeidet blir problemet freista løyst på aggregatnivå. Ein erkjenner sjølvsagt at individprosessar - og samanhengar må eksistere, men hevdar at samanhengar på aggregatnivå kan påvisast og brukast uavhengig av kunnskap om kva individprosessar som ligg til grunn.

I kap. 2 freistar vi å beskrive ein type individprosessar som kan knytte saman variasjonen i samfunnsstruktur med variasjon i fruktbarhet. Vi tar da utgangspunkt i ein beslutningsfunksjon for kvar kvinne. Gjennom beslutningsfunksjonen blir parametrar som beskriv kvinnas totale livssituasjon vekta saman til å gi ei beslutning av typen skal/skal ikkje ha barn. Nokre av beslutningsparametrane vil beskrive samfunnsstrukturen, og sambandet samfunnsstruktur - fruktbarhet er dermed etablert.

Imidlertid synest det knyte seg store problem til ein individorientert analyse basert på eit slikt utgangspunkt. Både vektfunksjonen og parameterestimeringa må jo bli heilt individuelle størrelsar. Analysen startar her på aggregatnivået. Med utgangspunkt i kommunedata vel ein å aggregere desse til syttisju fruktbarhetsområde (sjå Appendiks B). Ein presis beskrivelse av fruktbarheta i området meiner vi å få ved å rekne ut ein vektor med aldersspesifikke fødselsrater. Desse skal så knyttast saman med beskrivelsen av samfunnsstrukturen som vi får fra ein faktoranalyse av vanlege "kommune-økologiske" variabler (kommunene sjølv sagt aggregert til fruktbarhetsområde).

Å nytte ein vektor med trettiseks aldersspesifikke fødselsrater (fra 15 til 50 år) til å beskrive fruktbarheta, er tungvint og vil dessutan skape problem for tolkinga av resultata fra ein analyse av samvariasjonen med samfunnsstrukturen. Fødselsratene vart glatta med Hadwiger-funksjonen, og dei trettiseks fødselsratene vart erstatta med dei fire parameterestimata som minimerte summen av kvadratavvik mellom funksjonsverdien og den observerte fødselsraten.

Under glattinga oppstod ein del uventa problem. Det vanskelegaste, som det ikkje vart funnen nokon løysing på, var at ulike kombinasjonar av parameterverdiar til Hadwiger-funksjonen kunne gi praktisk talt samme kurve. Desse problema er nærmare omtala i Appendiks A.

I faktoranalysen som er beskriven i kap. 6-9 fann vi 7 generelle faktorar tilstrekkeleg til å beskrive variasjonen i det datamaterialet vi hadde til rådvelde. Desse faktorane kalla vi Urbanisering, Giftarmål, Industrivekst (investeringar), Arbeidskraftsmobilitet, Forstad (familisme?), Skogbruk og Religiøs konservativisme.

Med matrisa $\hat{\alpha}(4 \times 77)$ av parameterestimat som beskrivelse av fruktbarheta og matrisa $\hat{S}(7 \times 77)$ av faktorskårar som beskrivelse av samfunnsstrukturen, kunne no analysen av samvariasjonen mellom fruktbarhet og samfunnsstruktur starte med å stille opp regresjonsmodellen


$$\hat{\alpha} = \hat{\beta} S + u$$

der matrisa $\beta(4 \times 7)$ inneheld regresjonskoeffisientane og $u(4 \times 77)$ inneheld restledda. Regresjonsanalysen viser at ein lineær kombinasjon av seks av faktorene kunne beskrive 89% av variasjonen i parameteren R. R kan tolkast som det samla fruktbarhetstallet i befolkninga (total fertility rate). Den einaste faktoren som ikkje ytte noko bidrag til å forklare variasjonen i R var Giftarmål. Faktoren Giftarmål er basert på opplysningar både om alder ved førstegangsgifte og om andel gift i ulike årsklasser. Faktoren viste seg berre å påverke korleis fødslane fordeler seg på dei ulike aldersklassane. Både alder ved ekteskap og andel gift er antatt å påverke fruktbarheta. Det faktum at vi her ikkje er i stand til å påvise nokon samanheng med fruktbarhetsnivået, er freista forklart ved at i eit samfunn med utstrakt bruk av prevensjon, vil giftarmålsalder vere uavhengig av barnetallet i ekteskapet (men den truleg vil påverke tidspunktet for fødslane og dermed korleis fødslane fordeler seg i dei ulike aldersklassane) samtidig som andelen gift vil vere høg og variere relativt lite utanom for dei yngste aldersklassane (opp til 25?).

KAP. 2. TEORETISK RAMME

Samanhengen mellom individ- og kollektiv-relasjonar, mellom mikro og makro analyser, er eit uløyst problem i dei fleste samanhengar (Ryder (1964)). Å føde eit barn er ei beslutning som må takast av eit individ. Men ramma omkring beslutningsprosessen er samfunnet. Beslutningstakarane har kvar på sin plass i samfunnet utvikla verdiar og måtar å tolke omverda på. Men sjølv om samme aggregatmønster kan gjevast ulik tolking, representerer det likevel eit bindeledd, eit felles element i alle handlingsvalg. Dersom ein antar at det primære målet for menneska er å maksimere nyttefunksjonen sin, skjer denne maksimeringa i stadig vekselvirkning med og tilpasning til den samfunnsstrukturen den enkelte lever i.

Dette kan vi illustrere med ein enkel figur:



Enkelte sider ved samfunnsstrukturen blir observerte. Det underliggende mønsteret, den "eigentlege" samfunnsstrukturen lar seg ikkje observere direkte. Det som blir observert er berre bitar, og ulike samfunnsmedlemmer observerer ulike deler av mønsteret. Dessutan har dei ulike måtar å tolke data på, ulike måtar å dra slutningar om det underliggende mønsteret. Men på grunnlag av det observerte mønsteret (M_1) må kvar enkelt komme fram til eit handlingsvalg (H_2). Desse handlingane aggregerer seg opp til eit nytt mønster (M_3) som kan gi grunnlag for nye observasjonar og nye tolkingar.

Aggregatmønsteret er imidlertid berre eit av elementa i beslutningsprosessen. Handlingsvalget er òg regulert ved dei skrankar naturgrunnlag, teknologi og individuelle ressursar set. Langsiktig nytte må vegast mot kortssiktig nytte. Det må leggast opp strategiar.

Elementa i denne modellen er henta fra Barth (1966). Når den skal nyttast i analysen av fruktbarhet kan ein tenke seg at det for kvar kvinne finst ein beslutningsfunksjon som gir ein beskrivelse av samanhengen mellom ulike beslutningsparametrar og beslutninga: skal ha barn / skal ikkje ha barn. Eksempel på beslutningsparametrar som tradisjonelt er ansett for å vere viktige kan under dei fire overskriftene naturgrunnlag, teknologi, individuelle ressursar og aggregatmønster vere:

- a) naturgrunnlag: fekunditet, kjønnsdrifter, tilgang på menn,
- b) teknologi: prevensjonsmiddel, hormonbehandling av infekunditet,
- c) individuelle ressursar: utdanning, yrke, familie,
- d) aggregatmønster: samfunnstype (by/land), næringsgrunnlag for samfunnet, utdanningsnivå, osv.

Desse parametrane spelar viktige roller kvar for seg, men det er all grunn til å tru at det også eksisterer kompliserte interaksjonar mellom dei ulike størrelsane (sjå t.d. Bumpass (1969)).

Når parameterverdiane er fastlagt skal dei vegast saman i beslutningsfunksjonen. Eit stort problem ligg i vektinga. Den må skje med omsyn til den enkeltes nyttefunksjon. Vektene blir individuelle størrelsar.

Eit anna problem ligg i den stokastiske variasjonen som oppstår ved at ulike individ har ulike erfaringar og selektiv persepsjon slik at verdiane av parametrane vil bli anslått med varierande usikkerhet.

Ein analyse av samanhengen mellom fruktbarhet og samfunnsstruktur med dette utgangspunktet synest svært komplisert. Kanskje først og fremst på grunn av vanskane med å skaffe data, men også fordi vi ville få dei eigentlege data (makrostørrelsane) og ikkje dei anslaga som verkeleg har vore brukt i beslutninga. Dermed får vi ein type dobbel usikkerhet i analysen av relasjonen mellom fruktbarhet og samfunnsstruktur.

Dei tradisjonelle analysene av korleis ulik plassering i samfunnsstrukturen gir seg utslag i handlingane til enkeltindivid viser då også stor variasjon innan gruppene (sjølv om dei viser at fruktbarheta varierer systematisk frå gruppe til gruppe). Vanskane med å handsame interaksjonane mellom ulike variablar er også stor; eit eksempel på det kan vere samanhengen mellom inntekt og fruktbarhet som har endra seg mye i løpet av relativt kort tid (Cho et al. (1970), p. 280-285).

Problema med ein individbasert analyse av fruktbarheta er store og teoretisk sett interessante. Men i befolkningsprognosesamanheng, i ein makro-befolkningsmodell som er kjeda saman med ein makro-økonomisk modell, er det ikkje nødvendig med kunnskapar om individ-samanhangar. Dersom makrosamanhangane lar seg etablere på annan måte, er det tilstrekkeleg. Samtidig vil ein slik makroanalyse kaste lys over ein del av problema i individ-analysen (t.d. kva for aggregatvariablar som er dei mest sentrale).

Eit utgangspunkt for ein makroanalyse av fruktbarheta kan vere dei mellomliggende variablane (Davis & Blake (1956)):

I. Faktorar som påverkar samleie

1. Alder ved ekteskapet
2. Sølibat (kvinner som aldri gifter seg)
3. Tidsrom av den reproduktive perioden som blir brukt mellom og etter ekteskap
4. Frivillig avhold fra samleie
5. Ufrivillig avhold fra samleie (impotens, sjukdom, unngåelege men kortvarige separasjonar)
6. Samleiefrekvens

II. Faktorar som påverkar befruktinga

7. Fekunditet eller infekunditet av ufrivillige årsaker
8. Bruk eller ikkje bruk av prevensjon
9. Fekunditet eller infekunditet av frivillige årsaker


III. Faktorar som påverkar svangerskapet

10. Perinatal dødelighet av ufrivillige årsaker
11. Perinatal dødelighet av frivillige årsaker

Variablane er eigentleg individorienterte sidan dei kjem fram som ein logisk analyse av kva muligheter som står til rådvelde for regulering av fruktbarheta. Dei blir kalla mellomliggende sidan dei utgjer ei liste over dei størrelsane individ og samfunn kan bruke for å manipulere fruktbarheta.

Ein kritisk gjennomgang av variablane (Tien (1968)) gir oss på makronivået fire variablar som kan seiast å vere vesentlege for eit industri-samfunn av den type vi lever i. Det er giftarmålsalder, andel gift, bruk av prevensjon og bruk av abort. Reint bortsett frå måleproblema ein har når det gjeld prevensjon og abort, synest det lite tilfredsstillande

å stoppe med desse variablene, sidan det er åpenbart at bruken av variablene har sterk samanheng med andre størrelsar i samfunnet. Dette kan illustrerast slik:



Vi får ein to-trinnsmodell. Dersom det viser seg lettare å måle X' ane enn Y' ane, kan ein sjå bort frå dei mellomliggende variablene og analysere som om det var ein direkte samanheng mellom samfunnsstruktur og fruktbarhet.

KAP. 3. PRESISERING AV PROBLEMSTILLINGA

Når ein skal studere samvariasjon mellom samfunnsstruktur og fruktbarhet, kan ein skille mellom fire problem:

- a) valg av analyseeinining,
- b) presis beskrivelse av fruktbarheta,
- c) presis beskrivelse av samfunnsstrukturen og
- d) samanhengen mellom fruktbarhet og samfunnsstruktur.

Valg av analyseeinining

Dersom fruktbarheta skal analyserast på aggregatnivå, peikar eksisterande data mot kommunen som den mest interessante eininga.

I denne oppgåva må vi kreve av analyseeinininga at befolkninga er så stor at eitt-årige fødselsrater kan estimerast utan altfor mye tilfeldig variasjon. Mange kommuner har for lita befolkning til at dette lar seg gjere. For å oppnå store nok befolkningar i analyseeinininga, vart kommunene gruppert saman til det vi har kalla fruktbarhetsområde (F-område).

Grupperinga er utført av Arne Rideng og er gjengitt i Appendiks B.

Det ideelle når ein skal studere variasjonen i fruktbarheta, vil vere å gruppere etter dei variablane som påverkar fruktbarheta mest (Blalock (1964), p. 105-109). Tenkelege variablar å gruppere etter kunne då vere giftarmålsalder eller andel ugift. Ser vi på variablar som kan beskrive samfunnsstrukturen, er det meir usikkert kva for variablar som "påverkar fruktbarheta mest". Men ein sentral variabel i beskrivelsen av eit samfunn er næringsstruktur. Denne vart valgt til å gruppere etter.

Beskrivelse av fruktbarheta

Vi har hittil tatt to beslutningar som i stor mon vil vere med på å bestemme korleis vi bør beskrive fruktbarheta. Vi har bestemt oss til å studere variasjonen i fruktbarhet på aggregatnivå med F-områda som analyseeinining. Vi må altså finne ein mest mogeleg dekkande beskrivelse av fruktbarheta til befolkninga i kvart enkelt F-område. Vi skal så studere samvariasjonen mellom vårt mål på fruktbarhet og eit mål på samfunnsstrukturen. Dette betyr at beskrivelsen av fruktbarheta må referere seg til samme periode som beskrivelsen av samfunnsstrukturen. Desse to krava gjer det problematisk å nytte kohort-mål på fruktbarheta. Ein kohort er alle personar født mellom to tidspunkt (årsskifte). Eit kohort-mål på

fruktbarheta nyttar opplysninga om antall fødslar kvinnene i kohorten opplever, og antallet kvinner (eller antallet personar) i kohorten ved ulike tidspunkt.

Eit periodemål på fruktbarheta nyttar opplysninga om antallet fødslar som blir registrert mellom to tidspunkt (t.d. årsskifte) og antall kvinner som kunne ha opplevd desse fødslane (eller antall personar i befolkninga der fødslane er registrert).

Kohortmål på fruktbarhet kan med det perspektivet eg har skissert før, oppfattast som eit mål tilpassa ein individprosess-analyse. Ved å dele inn kohorten i delgrupper etter kvar personane finst i det sosiale nettverket, kan ein mye lettare skille mellom effektane av ulike erfaringar og verdiar enn med tilsvarande periodemål. Omvendt finn eg periodemål betre eigna for sin synkron makro-analyse av samanhengen mellom fruktbarhet og samfunnsstruktur. Alle kohortar tilpassar seg på eit gitt tidspunkt til samme systemet. Så sjølv om kvar enkelt kohort har ulike føresetnader, vil dei vere felles om den foreliggende situasjonen og regulere handlingane etter det. Denne simultane tilpasninga mellom ulike kohortar får vi tak i ved å rekne ut aldersspesifikke fødselsrater for den perioden vi er interesserte i.

Når vi reknar ut aldersspesifikke fødselsrater, får vi dessutan fram at fruktbarheta er sterkt avhengig av alderen, og vi får standardisert målet vårt for effekten av at ulike F-område har ulik aldersfordeling blant kvinnene. Aldersfordelinga blant kvinnene er truleg påverka av samfunnsstrukturen i området, men det vi er interessert i, er den direkte effekten som samfunnsstrukturen har på fruktbarheta; den indirekte effekten gjennom aldersfordelinga fjernar vi ved å standardisere med omsyn til alder.

Det målet på fruktbarheta i befolkninga vi kjem fram til er altså ei matrise av aldersspesifikke fødselsrater:

$$\begin{aligned}\hat{\mathbf{F}} &= \{ \hat{f}_x^*, \quad x = 15, 16, \dots, 50 \} \\ &= \{ \hat{f}_i^*, \quad i = 1, 2, \dots, 77 \}\end{aligned}$$

der \hat{f}_x^* er ein rekkevektor som inneheld fødselsrater for x -årige kvinner i dei 77 F-områda og \hat{f}_i^* er ein søylevektor som inneheld dei aldersspesifikke fødselsratene for kvinner i F-område nr. i.

Beskrivelse av samfunnsstrukturen

Å finne ein samanfattande beskrivelse av samfunnsstrukturen er utan tvil det vanskelegaste problemet av dei fire vi skilte mellom.

At det er forskjellar i samfunnsstruktur mellom ulike geografisk avgrensa område er trivielt. At vi finn nokre forskjellar viktigare enn andre er litt meir interessant. Enkelte skilnader heng så tydeleg saman med vesentlege skilnader i samfunnsstrukturen at vi utan vidare klassifiserer dei ulike områda langs ein dimensjon (^{t.d.} storby/landsbygd). Dersom vi tenker oss at alle vesentlege skilnader mellom ulike område kan målast langs eit relativt lite tall dimensjonar, og dersom vi antar at desse dimensjonane ikkje direkte lar seg observere, men at dei likevel gir seg tydeleg utslag i det observerbare mønsteret, er vi framme ved faktormodellen for beskrivelse av samfunnsstrukturen. Den har vore nytta ein del (Janson (1969), Sweetser (1969), Sweetser (1970)), men må seiast å vere lite utprøvd i den samanhengen den her skal nyttast (dvs. å nytte faktorverdiane som ein samanfattande beskrivelse av samfunnsstrukturen i eit forsøk på å undersøke samanhengen mellom samfunnsstruktur og spesifikke fenomen i samfunnet).

Når vi nyttar faktormodellen i analysen av eit datamateriale, og antar at vi har k faktorar, er eit av resultata ei matrise av faktorskårar:

$$\begin{aligned}\hat{\mathbf{S}} &= \{\hat{\mathbf{s}}_j, j = 1, 2, \dots, k\} \\ &= \{\hat{\mathbf{s}}_i, i = 1, 2, \dots, 77\}\end{aligned}$$

der $\hat{\mathbf{s}}_j$ er ein rekkevektor med faktorskårar på faktor nr. j for dei 77 F-områda, mens $\hat{\mathbf{s}}_i$ inneheld faktorskårar på dei k faktorane for F-område nr. i. Dette blir altså det målet på samfunnsstrukturen vi skal nytte.

Samfunnsstruktur og fruktbarhet

Det målet vi har spesifisert for fruktbarheta, \hat{F} , er ikkje eigna til å nyttast direkte i ein analyse av samvariasjonen med samfunnsstrukturen målt med $\hat{\mathbf{S}}$. For det første er det for kvart F-område nyttta trettiseks tall til å beskrive fruktbarheta i dette området. Desse tala bør vurderast simulant for at det skal ha noka mening å kalle dei eit mål på fruktbarheta i området; enkeltvis er dei fødselsrater for ein aldersklasse kvinner i området.

Å komme nokon veg med ein analyse der vi nyttar \hat{F} direkte synest derfor svært vanskeleg. Dessutan har variasjonen i \hat{F} ein tilfeldig komponent med ulik størrelse frå område til område. Dersom vi plottar inn dei trettiseks talla som beskriv fruktbarheta i eit område i eit koordinatsystem med alder som horisontal akse og fødselsrater som vertikal akse, kjem det fram ei taggete kurve (sjå figurane i Appendiks C). Studerer vi denne kurva for fleire år for samme området, verkar det som om taggane er tilfeldige avvik frå eit underliggende mønster.

Det kan vere mange grunnar til at vi har eit element av tilfeldig variasjon i \hat{F}_w . Tenker vi ut fra individ-modellen, verkar det rimeleg at mange kan ha vanskar med å følge opp beslutningar av typen skal ha barn/ skal ikkje ha barn (prevensjon kan svikte, og ein får barn når ein ikkje hadde planlagt det, eller ein klarer ikkje å bli gravid når ein prøver på det). Dette vil opptre som avvik fra det eigentlege mønsteret; som støy. Størrelsen av befolkninga har rimelegvis mye å seie for korleis slike effektar opptrer. I store befolkningar vil dei truleg oppvege kvarandre, mens det i små befolkningar kan gi seg store utslag (i form av avvik frå eit antatt underliggende mønster). Størrelsen av befolkninga i F-områda er freista avpassa til to motstridande krav: Områda bør vere relativt homogene regionar i høve til dei variablane som bestemmer fruktbarheta, men samtidig bør det vere så stor befolkning i området at tilfeldige variasjonar ikkje skal dekke over det underliggende mønsteret. Dei fleste fruktbarhetsområda er ikkje større enn at det er ein merkbar effekt av slike tilfeldige tilhøve. Områda er dessutan ulik store slik at støy-komponenten varierer i størrelse frå område til område.

Imidlertid vil addisjon av observasjonar for fleire år ha samme effekt på størrelsen av den tilfeldige komponenten som å auke størrelsen av befolkninga. Ut fra homogenitetskravet til F-områda vil summering over tid vere fordelaktig. Figur 1-6 i Appendiks C viser eksempel på summering over tid.

Vi er no interessert i å erstatte dei trettiseks talla som beskriv fruktbarheta med eit mindre antall størrelsar samtidig som vi ønskjer å fjerne den tilfeldige komponenten fra observasjonane.

Det verkar rimeleg at mønsteret som ligg under dei tagte kurvene vi får frå \hat{F} , er ei glatt eintoppa kurve. Fødselsraten for x -årige kvinner i F-område nr. i bør kunne skrivast som $\hat{f}_{xi} = h_i(x) + e_{xi}$ der $x \in \langle 15, 50 \rangle$, h_i er ein passende valgt funksjon og e_{xi} er den tilfeldige komponenten. Dersom vi er i stand til å finne slike funksjonar h_i for alle F-område, kan vi erstatte vektorane \hat{f}_{xi} med grafen til funksjonen h_i ,

$$\hat{H}_{\cdot i} = \{(h_i(x), x) \text{ der } x \in \langle 15, 50 \rangle\}.$$

Matrisa \hat{F} blir da erstatta med ei mengd av grafar.

$$\hat{H} = \{\hat{H}_{\cdot i}, i=1, \dots, 77\}.$$

I mengda \hat{H} er den tilfeldige komponenten i \hat{F} fjerna eller i alle fall sterkt redusert. Imidlertid synest ikkje mengda $\hat{H}_{\cdot i}$ noko enklare å nytte i analysen enn \hat{f}_{xi} , heller vanskelegare. Men dersom vi no vel h_i som ein parametrisk funksjon (med n parametrar) slik at grafen til funksjonen er eintydig bestemt av parameterestimata $\hat{\alpha}_{\cdot i}^T = \{\hat{\alpha}_{1i}, \hat{\alpha}_{2i}, \dots, \hat{\alpha}_{ni}\}$, kan vi erstatte $\hat{H}_{\cdot i}$ med $\hat{\alpha}_{\cdot i}$ og mengda \hat{H} kan erstattast med matrisa

$$\hat{\alpha} = \{\hat{\alpha}_{\cdot i}, i=1, \dots, 77\}.$$

Når vi skal velge funksjon, bør vi velge den slik at talet på parameterar er så lite som mogeleg.

Analysen av samvariasjonen mellom fruktbarhet og samfunnsstruktur kan no ta utgangspunkt i matrisa med parameterestimat, $\hat{\alpha}$, matrisa av faktorskårar, \hat{S} , og regresjonsmodellen

$$\hat{\alpha} = \beta S + u,$$

der u inneheld restledda.

Eit stort problem med ein slik modell er korleis eventuelle restledd skal tolkast; det vil også vere problematisk å tolke eventuelle sammenhengar dersom ein ikkje kan gi parametrane $\hat{\alpha}_{\cdot i}$ er substansiell tolking i høve til grafen $\hat{H}_{\cdot i}$.


DEL II**R E G I O N A L F R U K T B A R H E T**

KAP. 4. UTREKNING OG GLATTING AV FØDSELSRATER

Med utgangspunkt i Statistisk Sentralbyrås Personregister (sjå Karlsen & Skaug (1968)) vart det skaffa tabellar over befolkninga bosatt i Norge ved utgangen av åra 1967, 1968, 1969, 1970 og 1971 tabellert etter alder og kjønn. Det vart likeeins skaffa tabellar over antall fødte i dei samme åra tabellert etter mors alder og om dei var født før eller etter mors fødselsdag.

Vi ser no på Lexis skjema:

alder i år



Her er $i_n^{F^x(+)}$ tallet på barn født etter mors fødselsdag i året n i F-område nr. i slik at mors alder ved fødselen av barnet er x år, $i_n^{F^x(-)}$ er tallet på barn født før mors fødselsdag i året n i F-område nr. i slik at mors alder ved fødselen av barnet er x år, mens $i_n^{K^x}$ er antall kvinner i F-område nr. i som ved utgangen av året n har fylt x år. Fødselsraten for x -årige kvinner i F-område nr. i skulle no ideelt reknast ut som antallet fødte av x -årige kvinner i området dividert med den risikotida (i personår) som x -årige kvinner i befolkninga har opplevd i den perioden fødslane er registrert. Det er nok teoretisk sett mogeleg å rekne ut dette på grunnlag av Personregisteret, men det er dverre praktisk u gjennomførleg. Folkemengda har vi registrert etter alder og kjønn ved utgangen av året, og risikotida kan da bli tilnærma ved å rekne ut middelfolkemengda

$$i_n^{MK^x} = 0.5(i_{n-1}^{K^{x-1}} + i_n^{K^x}).$$

Fødselsratene kjem da fram som

$$\hat{f}_{xi} = 1000 \cdot \frac{\sum_{n=1968}^{1971} i_n^{F^x}}{\sum_{n=1968}^{1971} i_n^{MK^x}} \quad \text{der } n = 1968, 69, 70, 71,$$

$$i = 1, \dots, 77 \quad \text{og} \quad i_n^{F^x} = i_n^{F^{x-1}(-)} + i_n^{F^x(+)}.$$

Ved summering over tid får vi

$$\hat{f}_{xi} = 1000 \frac{\sum_{n=1968}^{1971} i_n^{F^x}}{\sum_{n=1968}^{1971} i_n^{MK^x}}.$$

Tabell 1 i Appendiks C gir vektoren $\hat{f} \cdot i = \{\hat{f}_{xi}, x = 15, \dots, 50\}$

for kvart F-område, $i = 1, \dots, 77$.

Vi skal no erstatte $\hat{f} \cdot i$ med grafen til ein funksjon. Dette blir kalla analytisk glatting av fødselsrater (Hoem (1970)). Første problemet ein støyter på, er å velge funksjon. Det nærmaste ein kan komme til noka løysing på det problemet, er å foreslå følgande prinsipp:

Glattinga kunne ein prinsipielt tenke seg utført på frihand ved at ein med augemål teikna inn ei kurve. Eit krav til ein funksjon må da vere at den skal kunne gi den samme grafen som den kurva ein kunne tenke seg å teikne på frihand. Dersom dette primære kravet er stetta av fleire funksjonar, bør ein velge den funksjonen som har minst antall parametrar og har det enklaste algebraiske uttrykket.

Hadwiger-funksjonen har vist seg å kunne stette det første kravet. Om det finst andre funksjonar som også stettar det primære kravet og som er betre på dei sekundære, er ukjent. Hadwiger-funksjonen som er nytta, er gitt ved

$$h(x) = R \sqrt{\frac{p}{\pi}} \left(\frac{T}{x+T-D} \right)^{3/2} \exp \left\{ - p T \frac{(x-D)^2}{(x+T-D)} \right\}.$$

Når dei fire parametrane R, p, T og D er fastlagt for ei befolkning, vil ein ved å sette inn ein verdi av x finne fødselsraten for x -årige kvinner i befolkninga.

Parametrane vart estimert ved å minimere funksjonen

$$f(R, p, T, D) = \sum_x (f_{xi} - h(x, R, p, T, D))^2, \quad x = 15, 16, \dots, 50.$$

Minimeringa vart utført med eit program utvikla av Gruvaeus & Jøreskog (1970). Under arbeidet med minimeringa oppstod tre problem. Det viste seg at radikalt ulike kombinasjonar av parametrane kunne gi omlag same graf. Skilnadane var så små at vi i alle fall i praksis fekk eit identifikasjonsproblem. Det viste seg også at det fanst kombinasjonar av parameterverdiar som gav så små verdiar av $f(R, p, T, D)$ at minimeringsalgoritmen stoppa sjølv om grafen ikkje stetta det framsette kravet. Tredje problemet var at minimeringsalgoritmen kravde startestimat som låg nær opp til ei av dei mogelege løysingane for å få rask konvergens til denne løysínga. Løysinga på desse problema vart reint praktiske. Gjennom eksperiment fann vi fram til startestimatorar som låg nær opp til ei løysing som stetta det kravet vi sette fram om at løysinga skulle gi ein graf omlag som den ein kunne tenke seg å teikne inn frå frihand.

Startestimatorane som vart nytta, er gitt ved uttrykka (1), (2), (3) og (4).

$$(1) \quad \begin{aligned} \hat{i}^R &= \sum_x f_{xi} \\ \hat{i}^R_1 &= \sum_x x f_{xi} \\ \hat{i}^U &= \hat{i}^R_1 / \hat{i}^R \\ \hat{i}^V &= [\hat{i}^U + 0.5] \\ \hat{i}^h &= f_{iVi} \\ \hat{i}^M &= \min \{ x : f_{xi} \geq f_{yi} \text{ for alle } y \} \end{aligned}$$

$$(2) \quad \begin{aligned} \hat{i}^T &= 1.5 (3 \hat{i}^R^2 / 4\pi (\hat{i}^U - \hat{i}^M + 4) \hat{i}^h^2) \\ \hat{i}^d &= \hat{i}^T - \hat{i}^U \end{aligned}$$

$$(3) \quad i^D = i^T - i^d$$

$$i^H = 4/3(i^T \pi^h / i^R)$$

$$(4) \quad i^P = i^H^2 / i^T^2$$

Indeksen $i = 1, \dots, 77$ viser til fruktbarhetsområde nr., mens $x = 15, \dots, 50$ gir alder.

Sjølv om glattingsprosedyren ikkje garanterer at vi finn dei "eigentlege" parameterverdiane som svarar til det underliggende mønsteret, er det ikkje urimeleg å anta at parameterestimata er innbyrdes konsistente i den forstand at dersom vi gjer feil, vil vi gjere omlag samme feil for alle F-områda slik at variasjonen i dei "eigentlege" parameterverdiane er avspeglia i variasjonen i dei estimerte parameterverdiane, og det er jo variasjonen vi først og fremst er ute etter.

Glattingsprosedyren er ellers nærmare omtala i Appendiks A.

KAP. 5. DEN REGIONALE VARIASJONEN I FRUKTBARHET

Tabell 1 i Appendiks C gir dei observerte ratene, mens tabell 2 gir parameterestimata fra minimeringsalgoritmen. Figurane i Appendiks C gir eksempel på observerte rater og glatta kurver for ulike F-område. Av parametrane kan R tolkast som det samla fruktbarhetstallet i befolkninga (total fertility rate). Det estimerte samla fruktbarhetstallet (\hat{R}) varierer fra 1.9 i Oslo (F-område nr. 10) til 3.7 i to område: eit på Vestlandet (nr. 43) og eit i Nord-Norge (nr. 77). Dei F-områda der $\hat{R} \geq 3.5$ er 39, 40, 43, 46 og 47 på Vestlandet (fra Rogaland til Sunnmøre) og 67, 69, 74 og 77 i Nord-Norge. Områda er tydelegvis dominert av jordbruks- og/eller fiskerikommuner. Ser vi på dei F-områda der $\hat{R} < 2.4$ finn vi at alle (4, 8, 10, 13, 16, 17, 18, 24, 25, 27, 32) ligg rundt Oslofjorden og Oslo og er meir eller mindre prega av byar. Vi finn vidare at gjennomsnittsverdi av \hat{R} for dei 77 F-områda er 2.9 med eit standardavvik på 0.42.

Ser vi på korleis det samla fruktbarhetstallet er fordelt på dei ulike aldersklassane, finn vi likeeins stor variasjon. Skilnaden i aldersfordelinga viser seg i variasjonen i parametrane p, T og D slik at flate, symmetriske kurver fell saman med stor verdi av p. T påverkar både breidda på toppen og tyngda av halane på kurva. P og T fastlegg såleis forma på kurva. T påverkar dessutan lokaliseringa av topp-punktet. Riktig form på kurva vil ofte stride mot plasseringa av topp-punktet om T er den einaste parameteren som fastlegg plasseringa. D korrigerer eventuelle skilnader mellom det T foreskriv for plasseringa og det observasjonane viser.

Det viser seg at variasjonen i aldersfordelinga stort sett går langs den samme by/land-sentrum/periferi dimensjonen som variasjonen i fruktbarhetsnivået (sjå figurane i Appendiks C). Der fruktbarheta er lav, er kurva som beskriv aldersfordelinga gjerne flat og nesten symmetrisk om topppunktet. Der fruktbarheta er høg, finn vi topp-punktet ved lave alderar, og kurva er sterkt usymmetrisk. Dette gjer at variasjonen mellom F-områda i fødselsratene i aldersklassane 20-25 år blir dramatisk store. Ei rimeleg forklaring på desse skilnadene er at i utkantstrøk flytter ugifte kvinner til bystrøk for å finne arbeid. Denne flyttinga er imidlertid eit karakteristisk drag ved samfunnsstrukturen i dei ulike F-områda. Vi bør altså vente at flytting vil vere ein variabel som viser samanheng med aldersfordelinga av fruktbarheta.


DEL III**B E S K R I V E L S E A V S A M F U N N S S T R U K T U R E N**

KAP. 6. FAKTORMODELLEN FOR BESKRIVELSE AV SAMFUNNSSTRUKTUREN

Ein grunnleggande antakelse for faktorøkologiske analyser (Sweetser (1970), Janson (1969)), er eksistensen av eit lite tall fundamentale dimensjonar slik at alle vesentlege skilnader mellom ulike samfunn kan målast langs desse dimensjonane. Når det er fastlagt verdiar på desse dimensjonane for eit samfunn, gir dei ein samanfattande beskrivelse av samfunnsstrukturen.

Ein kan tenke seg dette omlag slik:

Dimensjonar:
som under-
liggende
årsak til
observasjonar:



På analyseenininga j har vi observert på størrelsar $\tilde{x}_{\cdot j}^T = (x_{1j}, \dots, x_{pj})$. Vi kan kalle dette eit manifest mønster. Det består av tallstørrelsar som beskriv korleis enkelthandlingar mellom individua i analyseenininga j aggregerer seg opp (i praksis prosentar, gjennomsnittsstørrelsar, rater av ulike slag osv.) Årsakene til at det er variasjon i det manifeste mønsteret antar ein er av tre slag. Viktigaste årsaka er at dei ulike analyseeningane har ulike verdiar på dei grunnleggande dimensjonane. Ved sida av dei grunnleggande dimensjonane tenker ein seg at det kan eksistere spesielle dimensjonar som er spesifikt knytte til ein enkelt variabel i det manifeste mønsteret. Ein del av variasjonen i det manifeste mønsteret er derfor variabelspesifik og skuldast at vi har observert nett mønsteret $\tilde{x}_{\cdot j}$ og ikkje eit av dei mogelege andre mønstera (t.d. ved å skifte ut ein av variablane i $\tilde{x}_{\cdot j}$). Tredje delen av variasjonen i $\tilde{x}_{\cdot j}$ antar ein skuldast tilfeldige tilhøve. Denne tilfeldige komponenten oppstår t.d. ved at analyseeningane som regel er avgrensa temmeleg vilkårleg i høve til problemet (t.d. i høve til begrepet samfunn), og som regel med stor variasjon i størrelsen. Dette medfører også at variasansen til den tilfeldige komponenten vil vere av varierande størrelse (dvs. variere frå analyseenining til analyseenining).

Ein føresetnad i faktoremodellen er at variabelverdiane ($x_{\cdot j}$) kan uttrykkast som ein lineær kombinasjon av verdiane på dimensjonane

(faktorane) pluss eit restledd der ein har slått saman den variabel-spesifikke variasjonen og feilledet (når ein i særlege høve er interessert i dei variabelspesifikke dimensjonane, må ein litt anna modell nyttast). Samanhengen mellom observasjonane og dimensjonane kan da algebraisk uttrykkast som

$$\underset{\sim}{X} = \underset{\sim}{\mu} + \underset{\sim}{\Lambda} \underset{\sim}{F} + \underset{\sim}{U} \quad (1)$$

Her er $\underset{\sim}{X}$, $\underset{\sim}{\mu}$ og $\underset{\sim}{U}$ $p \times n$ matriser dersom vi har observert p variabler på n analyseeininger. $\underset{\sim}{X}$ inneholder observasjonane, $\underset{\sim}{\mu}$ inneholder gjennomsnittsverdiane av observasjonane tatt over analyseeiningerne. Dei n søylene i $\underset{\sim}{\mu}$ blir da like. $\underset{\sim}{U}$ inneholder restledda. $\underset{\sim}{\Lambda}$ er ei $p \times k$ matrise og inneholder faktorladningane dersom vi har k faktorar. $\underset{\sim}{F}$ er ei $k \times n$ matrise og inneholder faktorskårane.

Uttrykket for verdien av variabel i på analyseeininga j kan da skrivast som

$$x_{ij} = \mu_{ij} + \sum_{m=1}^k \lambda_{im} f_{mj} + u_{ij}$$

der $i = 1, \dots, p$ og $j = 1, \dots, n$. Koeffisientane λ_{im} , $m = 1, \dots, k$ gir ladningane som variabelen i har på dei k ulike faktorane (dimensjonane), mens f_{mj} , $m = 1, \dots, k$ er verdiane analyseeininga j har på dei k ulike faktorane. Restleddet u_{ij} tar vare på tilfeldige feil og på det som er spesifikt for dei variablane som er nytta. Det som har generell interesse i dei data ein har, finn ein i $\underset{\sim}{\Lambda}$ og $\underset{\sim}{F}$. Når interessa dreiar seg om dei fundamentale eigenskapane ved eit samfunn, og ikkje om dei spesifikke fenomen variablane uttrykker, kan $\underset{\sim}{U}$ oppfattast som uønska "støy" som bør fjernast.

I den multiple faktoranalysemallen blir det antatt at (1) gjeld. Utanom dette må ein gjere følgande antakelsar (sjå Jøreskog (1963), p. 14):

$$E[\underset{\sim}{F}] = \underset{\sim}{0} \text{ og } E[\underset{\sim}{U}] = \underset{\sim}{0} \quad (2)$$

$$\underset{\sim}{F} \text{ og } \underset{\sim}{U} \text{ er uavhengige} \quad (3)$$

$$\text{Varians-kovariansmatrisa til } \underset{\sim}{U}(\underset{\sim}{F}\underset{\sim}{U}) \text{ er ei ikkje-singulær diagonalmatrise} \quad (4)$$

Varians-kovariansmatrisa til \hat{F} er
ei ikkje-singulær matrise (5)

$\hat{\Lambda}$ har rang k (6)

$k \leq p$ (7)

Kvar variabel x_i er korrelert med minst
ein av dei andre variablane (8)

For å kunne finne ei løysing av denne modellen (finne $\hat{\Lambda}$ og \hat{F}) må ein gjere tilleggsantakelsar. Eit vanleg krav er at k skal vere kjent. Tidlegare vart tilleggsantakelsane oftast formulert som eigenskapar ved matrisa \hat{U} (dette er eigentleg communalitetsproblemet sidan \hat{U} er ei diagonalmatrise og inneheld størrelsane $1 - h_i^2$ dersom h_i^2 er communaliteten til variabel i).

Moderne reknemaskinmetodar har imidlertid gjort det enklare å forutsette k kjent (Janson (1969)). For å kunne teste hypoteser med modellen må ein dessutan gjere forutsetninga om fordelingane til \hat{F} og \hat{U} . Ei løysing av modellen med eit tilleggskrav som t.d. at k er kjent, har den eigenskapen at ein ved å multiplisere dei utkomme $\hat{\Lambda}$ og \hat{F} med ei vilkårleg ikkje-singulær $k \times k$ matrise (dersom ein har at T er ei ikkje-singulær $k \times k$ matrise, set ein $\hat{\Lambda}^* = \hat{\Lambda} \hat{T}^{-1}$ og $\hat{F}^* = \hat{T} \hat{F}$), får vi nye matriser $\hat{\Lambda}^*$ og \hat{F}^* , som òg er løysingar av modellen.

Dette identifikasjonsproblemet (også kalla rotasjonsproblemet) er imidlertid ikkje primært eit teknisk problem. Det er eit problem for den teorien som vil nyte den multiple faktorenanalysemorden. Problemet krev at ein er villig til å spesifisere korleis relasjonane mellom faktorane er tenkt. Faktorane kan vere ukorrelerte (ortogonale) eller korrelerte (oblique). Dette er likevel ikkje nok. Til hjelp i tolkinga av faktorenanalysane utvikla Thurstone begrepet enkel struktur ("simple structure": Harman (1967), p. 98, og Guilford (1954), p. 508). Kriteria for å finne ein enkel struktur har alle å gjere med fordelinga av nullar i matrisa av faktorladningane. Den mest brukte metoden for å finne fram til ein enkel struktur for ortogonale faktorar er varimax-rotasjonen. Tilsvarande kriterium er utvikla for oblique faktorar (t.d. oblimin, sjå Harman (1967)).

KAP. 7. DATA OG DEFINISJON AV VARIABLAR

Før vi gir oss i kast med å gi presise beskrivelsar av dei variablane som skal gi oss eit makro-mønster, bør vi merke oss eit resultat frå tidlegare undersøkelsar. Faktorbeskrivelsen av eit samfunn viser ein ganske stor invarians under valg av ulike variablar, så lenge variablane essensielt dekker samme fenomen (Janson (1969)). Dette fritar ein sjølv sagt ikkje frå å tenke igjennom kva som er meiningsfulle variablar i denne samanhengen her. Men det legg ein viss dempar på den uroa ein ofte har for at kanskje vil andre variablar gi heilt andre resultat.

Denne analysen krev data på kommunenivå i ei slik form at dei kan aggregerast til fruktbarhetsområde. Vanlegvis er det ein tidkrevande prosess å samle inn kommunedata som skal dekke ulike sider ved samfunnet. Kommunedatabanken som Norsk Samfunnsvitskapeleg Datateneste (NSD) oppretta i 1970 (Wigtil (1972)), har imidlertid no fått ei slik bredde i utvalget av data at ein fann å kunne basere seg på data derifrå. For ein samfunnsforskar har kommunene den noko kjedelege eigenskapen at dei år om anna endrar grenser. I 1960 hadde landet 732 kommuner, i 1967 454 kommuner, frå 1968 til 1970 hadde vi 451 kommuner og i 1971 449 kommuner (katalog over alle endringar etter krigen kan skaffast frå NSD). Dette fører til det problemet at data frå ulike år refererer seg til ulike einingar. Kommunedatabanken har eit program som kan rekne om data frå einingane eitt år til einingane eit seinare år (ikkje omvendt). Ein brukar da den regelen at alle tall blir fordelt på dei nye kommunene i høve til den andelen av folkemengda som er overført. (Dette er i mange høve ein problematisk antakelse, men for ein faktorbeskrivelse av kommunene synest det å vere tillateleg. Faktorladningane er relativt stabile for variasjon i valg av analyseeininger (Janson (1969)). Frank L. Sweetser s datasett for 1960-kommunene (Sweetser (1970)) vart rekna om med programmet i Kommunedatabanken til einingane i 1968, og faktoranalysen vart gjentatt. Faktorladningane var nesten identiske. Av dette drar eg den slutning at for faktoranalyseformål er omrekning etter denne metoden tillateleg.)

Året 1970 vart valgt som basisår for datainnsamlinga av to grunnar. Først fordi 1968-70 er den lengste perioden med stabilt kommunetall i 1960-åra, dernest fordi 1970 på grunn av folketellinga vil vere eit naturleg referansepunkt for svært mye samfunnsforskning utover i 1970-åra.

Tabell 1. Variabelgrupper. Hoved- og subgruppe der ein henta data til dei relative variablane

| Hovedgruppe | Subgruppe |
|------------------------------------|---|
| Stortingsvalg | 1969 |
| Kommunevalg | 1967 |
| Kommunestyra | 1967 |
| Jordbruksstelling | Bruksstørrelse 1969 |
| Bedriftstelling | Industri 1969 Varehandel 1969 |
| Pendlere | Utpendling 1968 Innpending 1968 |
| Utdanning | Grunnskoler 1969-70 Fag-/yrkesskoler 1969-70 Høgre allmennskoler 1969-70 Fagutdanningsnivå 1960 |
| Sosialhjelp | Med økonomisk stønad 1968 Ikkje-økonomiske ytelsar 1968 |
| Flytting | 1968 |
| Syketrygdstatistikk | 1969 |
| Skogbruksstelling | Skogareal 1967 Dagsverk 1966-67 |
| Bygg og boliger | Byggeareal 1969 |
| Skattestatistikk | Skattytere 1968 Antatt formue 1968 Antatt inntekt 1968 Kommuneskatt 1968 Statsskatter 1968 Folketrygdavgift 1968 Total skatt 1968 |
| Yrke | Stilling 1960 menn Stilling 1960 kvinner Sosial status 1960 kvinner Sosial status 1960 menn Næring 1960 kvinner Næring 1960 menn |
| Registrerte kjøretøy ¹⁾ | 1970 |

1) Registrerte kjøretøy er ikkje henta frå Kommunedatabanken, men frå Statens Vegvesen (1971): Registrerte kjøretøy i landets byer og herreder pr. 31. des. 1970.

Variablane i Kommunedatabanken er organisert i noko dei kallar hovedgrupper og subgrupper. Tabell 1 gir dei hoved- og subgrupper som vart bestilt. (Meir om organiseringa av data i banken finn ein i katalogar utgitt av NSD.) Alle subgrupper som inneheldt data frå perioden 1967 til 1970 vart bestilt. Enkelte viktige data som t.d. om yrkes- og næringsstrukturen og fagutdanning hadde dei berre fra folketellinga i 1960. Desse vart òg inkludert.

Reliabiliteten av data er svært god. Data er lagt inn slik dei er publisert i offentleg statistikk. Dei kontroller det ville vere naturleg å utføre for å undersøke konsistens i data og om overføringa har gått feilfritt, er alt implementert i innleggingsprosedyren. Der ein kjener svakheter eller feil i materialet som ikkje lar seg rette, er dette notert i ein eigen katalog. Min eigen kontrollinnsats kunne derfor innskrenke seg til å undersøke eit tilfeldig utvalg av variablar for å sjå om eg hadde fått det eg ba om. I tillegg til at eg hadde befolkninga spesifisert etter kjønn, alder i eitt-årige aldersklassar og ekteskapeleg status, hadde eg no 296 råtall som kunne nyttast til utrekning av variablar. Alle talla gir ein del kunnskap om samfunnsstrukturen. Men mange av dei mulige variablane vil vere resultat av dei samme bakanforliggende faktorane. Ein variabel treng derfor ikkje gi ny kunnskap om faktorstrukturen. Tvert imot kan variablar med samme faktorsamsetning verke til å svekke andre viktige faktorar. Ein vil derfor helst unngå variablar med svært høge korrelasjonar.

For å finne fram til dei beste variablane bør ein freiste å dra nytte av tidlegare arbeid. Særleg vil F.L. Sweetser s arbeid frå 1970 vere verdifullt (Sweetser (1970)). Samtidig må ein ta omsyn til at vi ikkje har nett dei same data, og at vi er spesielt interessert i fruktbarheta. Dette inneber mellom anna at vi er spesielt interessert i å finne variablar som seier noko om kvinnenes stilling i samfunnet.

Ser vi på Sweetser s variabelliste (sjå tabell 4 i Appendiks C), legg vi merke til at vi nesten fullstendig manglar data om to viktige felt. Både "Familie og hushald" og "Bustad" er tradisjonelt svært viktig for kvinnene, og dermed av stor interesse i denne samanhengen. Dessutan manglar data om tilgang på veiledning om og bruk av prevensjon, og det manglar data om bruken av abort. Dette er i denne samanhengen viktige element i ein beskrivelse av den samfunnsstrukturen den einskilde aktøren handlar innanfor. Det er sjølvsagt mogeleg at variasjonen i variablar frå desse områda vil

falle saman med variasjonen i dei dimensjonane vi kan identifisere av dei data vi alt har. Men ein kjem i det høvet opp i problem med tolkinga av faktorane. Så anten får vi for lite faktorar, eller så blir tolkinga av dei faktorane vi kjem ut med vanskeleg. Det er imidlertid lite å gjere med dette utanom å ta omsyn til det når resultata skal drøftast.,

Dei presise definisjonane av variablane er gitt i tabell 2. Det er alt nemnt nokre deler av samfunnet som ikkje er dekka. Dei variablane vi har kan ein seie dekkar felta befolkningssamansetning, parti-politiske tilhøve, jordbruk og skogbruk, yrke, næring, inntekt og skatt både for private og for bedrifter, sjukdom og sosialhjelp, industriproduksjon, pendling, flytting og utdanning. Variablane er av den typen som vanlegvis blir nytta ved område-økologiske studiar. Nokre av dei treng likevel nærmare kommentar. I variabel 25 tar ein logaritmen til tallet på bedrifter i varehandel og industri i staden for å bruke berre tallet sidan tallet vil gi ein variabel med svært skeiv fordeling. Logaritmen er ein monoton transformasjon av variabelen som tar bort den svært skeive fordelinga. I variablane som nyttar skattedata er det antatt at etter-skottspliktige skattytarar stort sett vil utgjere bedrifter og foretak, mens forskottspliktige stort sett er lønnstakarar. Variabel 42 kombinerer data frå 1960 og 1968. Den økonomisk sett viktigaste delen av befolkninga i 1960 kan ein seie er dei mellom 20 og 50 år, i 1968 er desse i aldersgruppa 28-58 år. Mesteparten av dei som har fagutdanning i 1960 vil og vere i aldersgruppa 20-50 år. Slik at når ein ser bort frå dødeligheta (det ville vore vanskelegare om ein gikk opp til 60 år), vil variabel 42 gi ei tilnærming til andelen fagutdanna i den økonomisk sett viktigaste aldersgruppa. Data frå 1960 er nytta først og fremst fordi dei var det einaste alternativet. Det er klart at ti-året 60-70 førte til endringar på dei område desse variablane beskriv. Det er imidlertid ikkje grunn til å tru at endringane har vore svært store (kanskje med unntak av enkelte små kommuner). I alle fall vil ein kunne hevda at i høve til dei individ-prosessane som er bindeleddet mellom samfunnsstrukturen og fruktbarheta i befolkninga, vil det vere ein viss avstand mellom persepsjon av eit visst mønster og tilpasninga til samme mønsteret. Ein kan derfor utan store problem nytte data innsamla over ein lengre periode enn den perioden fruktbarhetsdata dekker sjølv om 10 år nok er i lengste laget.

Tabell 2

| VARIABLE | No. Beskrivelse | |
|--|-----------------|--|
| 1 Antall stemmer til Sosialistisk Folkeparti og Norges Kommunistiske Parti eller felleslister der desse er med i % av godkjente stemmer ved Stortingsvalget i 1969 | VRADI-SVALG | |
| 2 Antall stemmer til Kristelig Folkeparti og felleslister der Kristelig Folkeparti er med i % av godkjente stemmer ved Stortingsvalget i 1969 | SVALG-KRF | |
| 3 Antall stemmer til Kristelig Folkeparti i % av godkjente stemmer ved Kommunevalget i 1967 | KVALG-KRF | |
| 4 Godkjente stemmer i % av stemmeføre ved Stortingsvalget i 1969 | SVALG-DELT | |
| 5 Avgitte stemmer i % av stemmeføre ved Kommunevalget i 1967 | KVALG-DELT | |
| 6 Antall kvinner som har avgitt stemme i % av stemmeføre kvinner ved Kommunevalget i 1967 | KV-KVALG-DELT | |
| 7 Antall kvinner som er representant eller vara-representant til kommunestyra i % av totalt antall representantar og vararepresentantar ved Kommunevalget i 1967 | KV-KSTYR | |
| 8 Antall gardsbruk i størrelsen 10-75 dekar i % av alle bruk i 1969 | SMÅBRUK | |
| 9 Antall skogeigedomar som er mindre enn 250 dekar i % av alle skogeigedomar i 1967 | SMÅSKOG | |
| 10 Antall dagsverk utført i skogen i 1967 pr. lønns-taker i 1968 | SKOGARB | |
| 11 Andel i % av total antatt formue som fell på innenbygds/-bys forskottspliktige skattytarar i 1968 | PRIV-FORM | |
| 12 Antatt inntekt pr. innenbygds/-bys forskottspliktig skattytar i 1968 | INNTEKT-ANT | |
| 13 Andel i % av total inntekt som fell på innenbygds/-bys forskottspliktige skattytarar i 1968 | INNTEKT-AND | |
| 14 Kommune- og statsskatt og folketrygdavgift i % av total inntekt i 1968 | TOT-SKATT | |

Tabell 2 (forts.)

| No. | VARIABLE Beskrivelse | |
|-----|---|------------------|
| 15 | Kommune- og statsskatt for etterskottspliktige i % av total inntekt for etterskottspliktige i 1968 | TOT-SKATT-BED |
| 16 | Antall sykedager i 1969 pr. lønnstaker i 1968 | SYKEDAG-LØNNSTAK |
| 17 | Indeks som viser gjennomsnittlege utgifter i 1969 for trygdekassene i området samanlikna med gjennomsnittsbelastninga for alle kommuner i 1966. 100 svarar til gjennomsnittet for alle trygdekasser | S-BELASTNING |
| 18 | Antall personer med økonomisk sosialhjelp i 1968 i % av antall lønnstakere i området i 1968 | ØK-SOSHJ |
| 19 | Antall sysselsatte pr. industribedrift i 1969 | SYSS-IBED |
| 20 | Bruttoinvesteringer i 1 000 kr. pr. industribedrift i 1969 | BINV-IBED |
| 21 | Utbetalt lønn i 1 000 kr. pr. ansatt i industribedrifter i 1969 | LØNN-IANS |
| 22 | Brutto produksjonsverdi i 1 000 kr. pr. ansatt i industribedrifter i 1969 | BPROD-IANS |
| 23 | Bruttoinvesteringer i 1 000 kr. pr. ansatt i industribedrifter i 1969 | BINV-IANS |
| 24 | Omsetning i 10 000 kr. pr. bedrift i varehandel i 1969 | OMS-HBED |
| 25 | e-logaritmen til (antall bedrifter i varehandel og industri) | L-FORETAK |
| 26 | Antall sysselsatte i industribedrifter i 1969 i % av totalt antall lønnstakere i området i 1968 | SYSS-IND |
| 27 | Antall arbeidstakere med arbeid utanfor kommunen i % av totalt antall lønnstakarar bosatt i kommunen i 1968 | ARB-UTPEND |
| 28 | Antall arbeidere med arbeidsstad i kommunen og bostad utanfor kommunen i % av antall lønnstakere bosatt i kommunen i 1968 | ARB-INNPEND |
| 29 | Antall arbeidstakere bosatt i kommunen i 1968 i % av totalt antall arbeidstakere i kommunen i 1968 | BOSATTE-ARB |
| 30 | Antall flyttere i 1968 i % av befolkninga 15-50 år ved utgangen av 1968 | FLYTTING |

Tabell 2 (forts.)

| No. | VARIABLE Beskrivelse | |
|-----|--|---------------|
| 31 | Antall kvinnelege flyttere i 1968 i % av alle flyttere i 1968 | KV-FLYTT |
| 32 | Antall personbilar pr. 100 innbyggjarar 18-70 år i 1970 | PERSBIL |
| 33 | Antall vare- og lastebilar i % av alle kjøretøy i 1970 | WARELASTE-AND |
| 34 | Antall vare- og lastebilar i 1970 pr. etterskottspliktig skattytar i 1968 | WARELASTE-BED |
| 35 | Antall kvadratmeter nybygd boligflate i 1969 pr. 100 mannlege innbyggjarar i alderen 20-40 år ved utgangen av 1969 | BOLIGFLATE |
| 36 | Antall kvadratmeter nybygd golvflate til helse- og undervisningsformål i 1969 pr. 1 000 innbyggjarar 1/1 1968 | SOSG FLATE |
| 37 | Antall grunnskoleelever i 1969-70 pr. 100 lønns-takere i området i 1968 | GELEV-ARB |
| 38 | Antall grunnskoleelever i 1969-70 i % av befolkninga 0-15 år ved utgangen av 1969 | GELEV-BEF |
| 39 | Antall grunnskoleelever i 1969-70 pr. skole | GELEV-SKOLE |
| 40 | Antall fag-/yrkesskoleelever i 1969-70 i % av totalt antall elever i 1969-70 | FELEV-TELEV |
| 41 | Antall elever som går på høgare allmennskolar i området i 1969-70 i % av befolkninga 16-20 år ved utgangen av 1969 | HELEV-BEF |
| 42 | Antall med fagutdanning i 1960 i % av befolkninga 28-58 år i 1968 | FAG-UTD60 |
| 43 | Antall med kvitsnippudanning (teknisk skole, handelsgymnas, lærarskole, sykepleieskole, høg-skolar og universitet) i 1960 i % av alle med utdanning i 1960 | WHITEC-UTD60 |
| 44 | Antall sysselsatte i jord-, skogbruk eller fiske/fangst i % av alle sysselsatte i 1960 | PRIM-NÆR60 |
| 45 | Antall kvinner med anna stilling enn husmor, forsørgar, pensjonist og familiemedlem i % av alle kvinner over 15 år i 1960 | KV-YRKE60 |

Tabell 2 (forts.)

| VARIABLE | | |
|----------|---|-------------|
| No. | Beskrivelse | |
| 46 | Antall kvinner som er selvstendig næringsdrivende i % av alle selvstendig næringsdrivende i 1960 | SELVST-KV60 |
| 47 | Antall kvinner sysselsatt i industrien i % av alle sysselsatt i industri i 1960 | KV-IND60 |
| 48 | Antall kvinner sysselsatt i tjenesteytende næringer i % av alle ansatt i tjenesteytende næringer i 1960 | KV-TJYT60 |
| 49 | Antall kvinner i alderen 15-50 år pr. 100 mann i alderen 15-50 år i 1970 | KJ-PROP |
| 50 | Antall 22-årige kvinner som er gift i % av alle 22-årige kvinner i 1970 | AND-GIFT22 |
| 51 | Antall 27-årige kvinner som er gift i % av alle 27-årige kvinner i 1970 | AND-GIFT27 |
| 52 | Antall 32-årige kvinner som er gift i % av alle 32-årige kvinner i 1970 | AND-GIFT32 |
| 53 | Gjennomsnittleg alder ved første ekteskap, kvinner i 1970 | GIFTEALD-KV |
| 54 | Gjennomsnittleg alder ved første ekteskap, menn i 1970 | GIFTEALD-MA |

KAP. 8. FAKTORANALYSE AV VARIABLANE

Faktoranalysane vart utført med det programmet Finn Tschudi har utvikla ved Universitetet i Oslo. Dette programmet forutset at antall faktorar, k , er kjent. Det gir ei prinsipale faktorars løysing med orthogonale faktorar rotert til "enkel struktur" med varimax-metoden.

Utgangspunktet for faktoranalysen er dei 54 variablane vi definerte i førre kapitlet. Inspeksjon av korrelasjonsmatrisa til variablane avslørte to grupper variablar (4, 5, 6 og 28, 29) med spesielt høge inter-korrelasjonar (over 0.9).

Tabell 3. Variablar med spesielt høge inter-korrelasjonar (over 0.9)

| | 5 | 6 | 28 | 29 |
|-----------------------|-----|-----|-----|------|
| 4 SVALG-DELT | .93 | .89 | .26 | -.33 |
| 5 KVALG-DELT | | .97 | .25 | -.34 |
| 6 KV-KVALG-DELT | | | .31 | -.41 |
| 28 ARB-INNPEND | | | | -.92 |
| 29 BOSATTE-ARB | | | | |

Variablane innan kvar gruppe dekker stort sett samme fenomen, dei vil derfor ikkje tilføre meir informasjon om dei bakanforliggende faktorane enn det den eine av variablane i gruppa gir. Variablane 5 KVALG-DELT, 6 KV-KVALG-DELT fra første gruppa og 28 ARB-INNPEND frå andre gruppa vart derfor utelatt frå starten av faktoranalysen.

Antakelse (8) i den multiple faktoranalysemødelen krev at alle variablar må vere korrelert med minst ein av dei andre variablane. Med signifikansnivå på 0.01 og 70 observasjonar er ein korrelasjon med absolutt verdi på 0.28 og større signifikant ulik null (Owen (1962)). Dette forutset imidlertid at vi har uavhengige observasjonar.

Dei 451 kommunene, eller dei 77 fruktbarhetsområda gir ikkje uavhengige observasjonar. Til dømes er alle lokalsamfunn lagt under samme nasjonale lov- og regelverk. Dei er svært avhengig av kvarandre og tilpassar seg kvarandre i det totale biletet. Korrelasjonar mellom område-økologiske variablar vil derfor innehalde eit element av ein slags geografisk

autokorrelasjon. Dette gjer at økologiske variablar av den typen som er nytta her, jammt over er høgt korrelerte. Vi kan derfor ikkje nytte testen ovanfor. Det meste vi kan seie er at kravet til korrelasjonane bør vere at det er større enn 0.28 i absoluttverdi. Kor mykje større er vanskeleg å seie.

Rimelegvis vil ulike variablar vere ulikt påverka av dei tilhøve som gir autokorrelasjon, men å anslå i kva grad dei ulike variablane er påverka synest uråd i dag. Det vart derfor sett eit vilkårleg krav på minst to korrelasjonar med absoluttverdi større eller lik 0.4 for at ein variabel skulle inkluderast i faktoranalysen. Dette utelukka 22 BPRODIANS og 36 SOSG-FLATE. Faktoranalysen kunne no starte opp med 49 variablar.

Sidan tallet på faktorar eigentleg er ukjent, må ein prøve seg fram. (Det er utvikla testprosedyrer for å finne det tallet av generelle faktorar som passar best med data (Jøreskog & Lawley (1968)). Men når faktorane skal gjevast ei teoretisk tolking, kan ein likevel måtte velge eit anna tall faktorar.) F.L. Sweetser fann 6 faktorar tilstrekkeleg til å beskrive norske kommuner i 1960 (Sweetser (1970)). På den andre sida kan det visast at tallet på faktorar er mindre enn tallet på eigenverdiar større enn ein (eigenverdiane til varians-kovarians-matrisa til observasjonane (sjå Jøreskog (1963), p. 30). Dette blir kalla Kaisers kriterium. Ein kunne derfor gå ut frå at tallet på faktorar ville vere større enn fem, men mindre enn ni som var det tallet Kaisers kriterium gav. Det vart køyrt faktoranalyser med 9, 8, 7, 6 og 5 faktorar. Ni-faktorløysinga gav ein faktor som ingen av variablane hadde høg ladning på. Høg ladning vart i denne omgang vilkårleg sett til 0.4 eller større i absoluttverdi. Ein annan av faktorane i ni-faktorløysinga hadde variablane 38 GELEV-BEF og 41 HELEV-BEF som dei einaste med høg ladning. HELEV-BEF hadde også høg ladning på ein av dei andre faktorane.

Desse to variablane utgjorde ein eigen faktor ved åtte- og sju-faktorløysingane også. Ved seks-faktorløysinga vart dei skilt på kvar sin av dei øvrige faktorane. Kommunaliteten til GELEV-BEF (den generelle faktorvariansen til variabelen) fall da til å bli den aller lågaste (0.375). Det vart beslutta å fjerne GELEV-BEF frå analysen. Det vart så køyrt nye faktoranalyser med 8, 7, 6 og 5 faktorar på dei 48 variablane som no var igjen. I åtte-faktorløysinga hadde ein faktor variablane 33 VARELASTE-AND og 35 BOLIGFLATE som dei einaste med høg ladning. I sju-faktorløysinga vart dei splitta og gikk til kvar sin faktor. Kommunaliteten gikk ned så berre 41 HELEV-BEF hadde lågare verdi. Det vart beslutta

å fjerne VARELASTE-AND og BOLIGFLATE frå analysen, mens ein valgte å behalde HELEV-BEF sidan denne for alle køyringane hadde høg ladning på samme faktoren. Datasettet hadde no 46 variablar, og det vart faktor-analysert med 7, 6 og 5 faktorar. I sju-faktorløysinga hadde HELEV-BEF fortsatt lågast kommunalitet (0.45), men syntes å passe fint inn mellom dei andre variablane som hadde høg ladning på faktoren. Ein av faktorene hadde tre variablar med høg ladning. I seks-faktorløysinga vart desse fordelt mellom dei andre faktorene samtidig som kommunaliteten vart mindre. Totalt var sju faktorar i stand til å beskrive 77.1 % av variasjonen i variablane, mens 6 faktorar kunne beskrive 73.7 %. Sidan dei tre variablane i siste faktoren syntes å gi god meinings, vart det beslutta å nytte sju-faktorløysinga fra 46-variabel-datasettet i det vidare arbeidet. Tabell 4 gir matrisa av faktorladningane for denne løysinga, mens tabell 3 i Appendiks C gir matrisa av faktorskårar.

Tabell 4. Variablanes ladning på faktorene

| Variable Nr. Navn | Faktor nr. | | | | | | | Kommunalitet |
|----------------------|------------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|--------------|
| | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | 7 | |
| 1 VERADI-SVALG | 0.22 | -0.07 | -0.03 | 0.67 | 0.00 | -0.45 | 0.29 | 0.79 |
| 2 SVALG-KRF | -0.23 | 0.29 | -0.21 | -0.32 | 0.08 | 0.63 | -0.30 | 0.77 |
| 3 KVALG-KRF | -0.06 | 0.34 | -0.17 | -0.21 | -0.22 | 0.63 | -0.32 | 0.75 |
| 4 SVALG-DELT | 0.61 | 0.23 | 0.49 | -0.15 | 0.15 | -0.06 | 0.38 | 0.86 |
| 7 KV-KSTYR | 0.64 | -0.26 | 0.28 | 0.08 | 0.29 | -0.31 | 0.09 | 0.75 |
| 8 SMÅBRUK,.... | -0.82 | -0.32 | -0.21 | 0.04 | -0.17 | 0.08 | -0.09 | 0.86 |
| 9 SMÅSKOG | -0.04 | 0.08 | -0.73 | -0.21 | 0.11 | -0.04 | -0.24 | 0.66 |
| 10 SKOGARB | -0.34 | 0.06 | 0.79 | -0.25 | -0.08 | -0.04 | 0.10 | 0.82 |
| 11 PRIV-FORMU | -0.47 | 0.03 | -0.18 | -0.46 | 0.03 | -0.02 | 0.60 | 0.82 |
| 12 INNTEKT-ANT | 0.80 | -0.09 | -0.11 | 0.33 | 0.22 | 0.19 | 0.05 | 0.85 |
| 13 INNTEKT-AND | 0.04 | -0.06 | 0.28 | -0.13 | -0.03 | -0.09 | 0.85 | 0.83 |
| 14 TOT-SKATT | 0.89 | -0.08 | 0.06 | 0.14 | 0.22 | -0.01 | -0.04 | 0.87 |
| 15 TOT-SKATT-BED ... | 0.60 | 0.15 | -0.26 | -0.05 | 0.01 | -0.26 | -0.16 | 0.54 |
| 16 SYKEDAG-LØNNSTAK | -0.28 | 0.00 | -0.08 | -0.23 | -0.39 | -0.60 | -0.32 | 0.76 |
| 17 S-BELASTNING | -0.78 | -0.16 | -0.29 | -0.08 | 0.03 | -0.32 | -0.06 | 0.83 |
| 18 ØK-SOSHJ | -0.34 | -0.26 | -0.20 | 0.11 | 0.02 | -0.65 | -0.04 | 0.66 |

Tabell 4 (forts.). Variablernes ladning på faktorane

| Variable Nr. Navn | Faktor nr. | | | | | | | Kommun- alitet |
|----------------------|------------|-------|-------|-------|-------|-------|-------|-------------------|
| | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | 7 | |
| 19 SYSS-IBED | 0.59 | 0.35 | -0.10 | 0.55 | -0.10 | -0.19 | -0.13 | 0.85 |
| 20 BINV-IBED | 0.17 | 0.30 | -0.05 | 0.85 | -0.06 | -0.09 | -0.09 | 0.87 |
| 21 LØNN-IANS | 0.61 | 0.18 | 0.15 | 0.60 | 0.14 | -0.05 | -0.09 | 0.82 |
| 23 BINV-IANS | -0.13 | 0.15 | 0.05 | 0.80 | -0.02 | 0.06 | -0.05 | 0.68 |
| 24 OMS-HBED | 0.76 | -0.37 | -0.07 | 0.21 | -0.18 | -0.02 | 0.25 | 0.86 |
| 25 L-FORETAK | 0.76 | -0.13 | 0.01 | -0.08 | -0.17 | -0.02 | -0.27 | 0.70 |
| 26 SYSS-IND | 0.61 | 0.52 | -0.12 | 0.23 | -0.31 | -0.16 | -0.16 | 0.86 |
| 27 ARB-UTPEND | -0.20 | 0.22 | 0.04 | -0.26 | 0.83 | -0.02 | 0.06 | 0.84 |
| 29 BOSATTE-ARB | -0.55 | -0.05 | 0.20 | 0.11 | -0.62 | 0.21 | 0.18 | 0.81 |
| 30 FLYTTING | 0.14 | -0.32 | -0.15 | 0.19 | 0.72 | 0.13 | 0.01 | 0.72 |
| 31 KV-FLYTT | -0.22 | -0.36 | -0.17 | -0.32 | -0.53 | -0.25 | -0.10 | 0.66 |
| 32 PERSBIL | 0.64 | 0.20 | -0.54 | 0.08 | 0.17 | 0.11 | 0.30 | 0.88 |
| 34 VARELASTE-BED ... | -0.18 | 0.13 | 0.24 | 0.12 | 0.14 | -0.07 | 0.76 | 0.72 |
| 37 GELEV-ARB | -0.85 | 0.01 | -0.03 | -0.19 | 0.01 | -0.01 | -0.03 | 0.76 |
| 39 GELEV-SKOLE | 0.87 | -0.11 | -0.10 | 0.04 | 0.21 | -0.09 | 0.03 | 0.83 |
| 40 FELEV-TELEV | 0.76 | -0.26 | -0.16 | 0.09 | -0.15 | 0.06 | -0.16 | 0.72 |
| 41 HELEV-BEF | 0.54 | -0.16 | 0.00 | 0.09 | -0.35 | 0.06 | -0.09 | 0.45 |
| 42 FAG-UTD60 | 0.74 | -0.04 | 0.22 | -0.20 | 0.08 | 0.18 | -0.35 | 0.80 |
| 43 WHITEC-UTD60 | 0.56 | -0.44 | -0.19 | 0.42 | 0.03 | -0.15 | 0.14 | 0.77 |
| 44 PRIM-NER60 | -0.89 | -0.01 | 0.22 | -0.29 | -0.10 | -0.01 | 0.07 | 0.94 |
| 45 KV-YRKE60 | 0.83 | -0.38 | -0.25 | 0.08 | 0.08 | 0.05 | 0.05 | 0.92 |
| 46 SELVST-KV60 | 0.88 | -0.14 | 0.01 | 0.04 | 0.02 | -0.13 | -0.14 | 0.84 |
| 47 KV-IND60 | 0.62 | -0.06 | -0.42 | -0.37 | -0.08 | 0.21 | -0.01 | 0.76 |
| 48 KV-TJYT60 | -0.33 | -0.07 | 0.03 | 0.02 | -0.52 | -0.23 | -0.36 | 0.57 |
| 49 KJ-PROP | 0.91 | -0.22 | 0.05 | -0.03 | 0.01 | 0.08 | 0.12 | 0.89 |
| 50 AND-GIFT22 | -0.01 | 0.86 | 0.03 | 0.08 | 0.01 | 0.20 | -0.05 | 0.78 |
| 51 AND-GIFT27 | -0.11 | 0.81 | 0.07 | 0.08 | 0.01 | 0.16 | 0.10 | 0.72 |
| 52 AND-GIFT32 | -0.21 | 0.70 | 0.00 | 0.11 | 0.05 | -0.04 | 0.17 | 0.57 |
| 53 GIFTEALD-KV | 0.15 | -0.77 | 0.05 | -0.20 | -0.11 | -0.17 | 0.11 | 0.71 |
| 54 GIFTEALD-MA | -0.67 | -0.46 | 0.08 | -0.26 | -0.08 | -0.13 | -0.11 | 0.76 |
| Kvadratsum | 32.5 | 10.4 | 6.2 | 9.0 | 6.7 | 5.7 | 6.6 | |

KAP. 9. TOLKING AV FAKTORANE

F.L. Sweetser kunne i den foreløpige rapporten fra arbeidet med 1960-data (Sweetser (1970)) identifisere fem faktorar i eit datasett på 47 variablar. Han kalla faktorane for "Urbanisering - SES", "Industri-Jordbruk", "Familisme", "Venstre-politikk" og "Fattige kommuner". Den dominerande faktoren er "Urbanisering - SES". Nesten halvparten av variablane har høg ladning på denne faktoren. Sweetser ser på dei variablane som har ladning med absoluttverdi større enn 0.45. Vi skal nytte samme kriteriet her. Tabell 4 gir da det nødvendige grunnlaget for å identifisere dei dimensjonane vi har funne i denne faktoranalysen. På første faktoren finn vi i alt tjuersju variablar som har ladning med absoluttverdi større enn 0.45. Stiller vi dei opp som i tabell 5,

Tabell 5. Faktor 1. Urbanisering

| Nr. | Namn | Ladning |
|-----|---------------------|---------|
| 49 | KJ-PROP | 0.91 |
| 14 | TOT-SKATT | 0.89 |
| 46 | SELVST-KV60 | 0.88 |
| 39 | GELEV-SKOLE | 0.87 |
| 45 | KV-YRKE 60 | 0.83 |
| 12 | INNTEKT-ANT | 0.80 |
| 24 | OMS-HBED | 0.76 |
| 25 | L-FORETAK | 0.76 |
| 40 | FELEV-TELEV | 0.76 |
| 42 | FAG-UTD60 | 0.74 |
| 7 | KV-KSTYR | 0.64 |
| 32 | PERSBIL | 0.64 |
| 47 | KV-IND60 | 0.62 |
| 4 | SVALG-DELT | 0.61 |
| 21 | LØNN-IANS | 0.61 |
| 26 | SYSS-IND | 0.61 |
| 15 | TOT-SKATT-BED | 0.60 |
| 19 | SYSS-IBED | 0.59 |
| 43 | WHITEC-UTD60 | 0.56 |
| 41 | HELEV-BEF | 0.54 |
| 11 | PRIV-FORMU | -0.47 |
| 29 | BOSATTE-ARB | -0.55 |
| 54 | GIFTEALD-MA | -0.67 |
| 17 | S-BELASTNING | -0.78 |
| 8 | SMÅBRUK | -0.82 |
| 37 | GELEV-ARB | -0.85 |
| 44 | PRIM-NÆR60 | -0.89 |

synest det klart både av utvalget av variablar og av rekkefølga at det dreiar seg om ein sentrum-periferi dimensjon. Denne kallar eg "Urbanisering". Samanlikna med Sweetser urbaniseringsfaktor er det både opplagte likskapar og skilnader. Dei einaste nokonlunde samanliknbare variablane er 45 KV-YRKE 60 hos meg og "økonomisk aktive kvinner" hos Sweetser. Ladningane er henholdsvis 0.83 og 0.78. Største skilnaden ligg i at variablane som beskriv jordbruket har høge ladningar på faktoren Urbanisering hos meg, mens dei utgjer ein eigen "Industri-Jordbruk" faktor hos Sweetser. Dette kan imidlertid ikkje svekke inntrykket av at det dreiar seg om ein urbaniseringsdimensjon. Ser vi på tabell 3 i Appendiks C over skårane til dei ulike F-områda på "Urbanisering", finn vi at F-område nr. 10, som er Oslo, toppar, mens F-område nr. 67, som er øykommunane i Nordland, har lavaste verdi. Når byområda jamnt over kjem høgt, mens utkantområda kjem lavt, verkar tolkinga av faktoren rimeleg.

Andre faktoren har fylgjande fem variablar med høg ladning (absoluttverdi over 0.45):

| | | |
|----|-------------------|-------|
| 50 | AND-GIFT22 | 0.86 |
| 51 | AND-GIFT27 | 0.81 |
| 52 | AND-GIFT32 | 0.70 |
| 26 | SYSS-IND | 0.52 |
| 53 | GIFTEALD-MA | -0.46 |
| 54 | GIFTEALD-KV | -0.77 |

Høg verdi på denne faktoren vil indikere lav alder ved giftarmålet. Den vil bli kalla "Giftarmål". Variabelen 26 SYSS-IND kan tolkast slik at på einsidige industristader vil industrien vanlegvis vere basert på mannelig arbeidskraft. Kvinneoverskotet må dermed flytte til stader der industribedrifter ikkje er så dominerande (relativt sett), dvs. dit det er fleire arbeidsplassar for kvinner (t.d. i service-næringer). Dei kvinnene som er igjen, er dei ugifte. Dermed vil høge verdiar av 26 SYSS-IND kunne finnast oftere saman med høge verdiar av andel gift i ulike årsklassar og lav giftarmålsalder enn saman med lav andel gift og høg giftarmålsalder. Ser vi på faktorskårane på denne faktoren, finn vi at F-område nr. 46 har høgaste verdi, mens F-område nr. 10 har lavast verdi. Oslo har altså høgast giftarmålsalder, mens Karmøy/Stord har lavast.

Tredje faktoren har fire ladningar med større absoluttverdi enn

0.45. Det er

| | | |
|----|------------------|-------|
| 10 | SKOGARB | 0.79 |
| 32 | PERSBIL | 0.54 |
| 4 | SVALG-DELT | 0.49 |
| 9 | SMÅSKOG | -0.73 |

Tolkninga av denne faktoren er litt meir problematisk enn dei to første faktorane. Dei dominante variablane har imidlertid med skogbruk å gjere. Sweetser kunne i ei enno upublisert seksfaktor-løysing av 34 variablar identifisere ein skogbruksfaktor. Den dominante variabelen var tallet på arbeidarar i skogbruket i prosent av alle økonomisk aktive. Min variabel 10 SKOGARB uttrykker antall dagsverk utført i skogen pr. lønnstakar. Det er eit nært samband mellom desse variablane, og det er truleg at det dreiar seg om samme dimensjon. Den tredje faktoren vil derfor bli kalla Skogbruk. I matrisa av faktorskårar finn vi at F-område nr. 21 har høgaste verdi på denne faktoren, mens F-område nr. 43 har lavaste verdi. F-område nr. 21 er samansett av mange typiske skogbrukskommuner frå Oppland og Buskerud, mens F-område nr. 43 stort sett er øykommuner i Rogaland, Hordaland og Sogn, og Fjordane.

Fjerde faktoren har følgande seks ladningar som har større absoluttverdi enn 0.45:

| | | |
|----|--------------------|-------|
| 20 | BINV-IBED | 0.85 |
| 23 | BINV-IANS | 0.80 |
| 1 | VERADI-SVALG | 0.67 |
| 21 | LØNN-IANS | 0.60 |
| 19 | SYSS-IBED | 0.55 |
| 11 | PRIV-FORMU | -0.46 |

Dei to dominante variablane er 20 BINV-IBED og 23 BINV-IANS.

Dei indikerer begge at industrien i områda investerer (antent i utvidingar, eller i rasjonaliseringstiltak eller i begge deler). Å kalle faktoren for Industrialisering ville vere misvisande. Det indikerer ein tilstand som slett ikkje treng foreligge for å få høge verdiar på desse variablane. Tvert imot vil det vere lettast å få høge verdiar dersom det frå før er få bedrifter i området. Relativt moderate investeringar kan da gi store utslag. Faktoren kan meir passande kallas Industrivekst. Ser vi på kva for eit F-område som har høgst verdi på faktoren, finn vi at F-område nr. 70 toppar suverent. Det er kommunene Alta, Fauske og Sør-Varanger som utgjer dette området. Undersøker vi litt nærmare for desse kommunene,

synest tilhøva å vere relativt ordinære for Alta og Fauske. Men i 1969 hadde Sør-Varanger svært høge investeringar (over 85 mill., i 1967 var dei 25,2 mill.). Ein kan gå ut frå at det i store drag dreia seg om rasjonaliseringstiltak i gruvene til A/S Sør-Varanger.

F-område nr. 59 er det området som kjem nærmast opp til nr. 70 på denne faktoren. Det er kommunene Sunndal, Meråker, Verran og Rana. Også her er det rasjonaliseringsinvesteringar i dominerande enkeltbedrifter som synest å vere utslagsgivande. F-område nr. 43 er det som skårar lavast på Industrivekst-faktoren. Øykommunene i Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane har altså lavast investeringsnivå i industrien.

Femte faktoren har fem variablar med høg ladning. Denne faktoren dreiar seg om flytting. Av variablane

| | | | |
|----|-------------|-------|-------|
| 27 | ARB-UTPEND | | 0.83 |
| 30 | FLYTTING | | 0.72 |
| 48 | KV-TJYT60 | | -0.52 |
| 31 | KV-FLYTT | | -0.53 |
| 29 | BOSATTE-ARB | | -0.62 |

indikerer 31 KV-FLYTT at der kvinnene utgjer ein stor andel av alle flyttarane, vil den totale flyttinga vere liten. Vi har kalla faktoren for Arbeidskraftsmobilitet. Høgaste verdi på faktoren har F-område nr. 7 som består av kommunene Nesodden, Oppegård, Lørenskog og Nittedal. Desse er også ellers kjent som kommuner med stor innflytting og mange pendlerar. Lavaste verdi på faktoren har F-område nr. 50. Det er Ålesund. Etter samanslåinga med Borgund er pendlinga minimal, mens ekspansjonen i næringslivet ikkje er sterk nok til at det krev stort av innflytting.

Sjette faktoren har følgande fem variablar med høg ladning:

| | | | |
|----|------------------|-------|-------|
| 2 | SVALG-KRF | | 0.63 |
| 3 | KVALG-KRF | | 0.63 |
| 1 | VERADI-SVALG | | -0.45 |
| 16 | SYKEDAG-LØNNSTAK | ... | -0.60 |
| 18 | ØK-SOSHJ | | -0.65 |

Faktoren dreiar seg om det politiske klimaet som gir seg utslag i støtte til Kristelig Folkeparti. Ein kunne kalle faktoren Pietisme eller Religiøs konservatisme. Politisk dreiar det seg om ein type verdikonservatisme, men for korthets skull kallar vi faktoren berre Konservatisme, men vi tenker altså på ein spesiell type norsk kristen konservatisme. At dette er ei plausibel tolking av faktoren, får ein bekrefta av at det er F-område nr. 39 som skårar høgast på faktoren. Det er relativt velståande jordbrukskommuner frå Vest-Agder og Rogaland som utgjer dette F-området. Lavast i verdi er F-område nr. 14, nokre kommuner i Hedmark.

Sjuande og siste faktoren har berre tre variablar med ladning over 0.45 i absoluttverdi. Det er

| | | |
|----|---------------------|------|
| 13 | INNTEKT-AND | 0.85 |
| 34 | VARELASTE-BED | 0.76 |
| 11 | PRIV-FORMUE | 0.60 |

Variabelen 13 INNTEKT-AND indikerer eit relativt fravær av etterskottsplichtige skattytarar, mens 34 VARELASTE-BED indikerer at tallet på vare- og lastebilar pr. etterskottspliktig skattytar er høgt. Siste variabelen 11 PRIV-FORMUE viser også eit relativt fravær av etterskottsplichtige skattytarar. Desse variablane synest å indikere at vi kan få høge verdiar på denne faktoren for sin viss type forstadskommuner. Forstadskommuner har gjerne ein stor pendlarprosent. Men mange av dei tradisjonelle forstadsområda har etter kvart fått utbygd sitt eige næringsliv. Forstadsbegrepet kan i dette materialet splittast i to komponentar: ein mobilitetskomponent og ein restkomponent som her vil bli kalla Forstad. Det er F-område 12, med Enebakk, Ullensaker, Nannestad og Lunner som skårar høgast på denne faktoren, mens F-område nr. 27 med Tønsberg, Sem, Nøtterøy og Tjøme kjem lavast.

Namna vi no har sett på dei sju faktorane, er valgt i eit forsøk på å gi ein kort beskrivelse av den tolking ein kan gi faktoren. Ikkje alle namna er like dekkande. Namnet Forstad kan nok vere det mest villleiande. Det ein tenker på vanlegvis når ein talar om urbanisering, inkorporerer også forstadar og pendling. I denne analysen har pendling blitt skilt ut fra urbaniseringsdimensjonen og har gått saman med flytting til ein eigen mobilitetsfaktor. Forstads-komponenten står igjen som ein slags restfaktor. Ein kan spekulere på om den kan ha forbindelse til familiefaktorane som vanlegvis opptrer i økologiske faktoranalysar (Sweetser (1969)).

Faktoren Industriekst har også eit noko misvisande namn sidan den vil differensierte mellom investeringar fra mange bedrifter og investeringar fra få bedrifter. Men det kan godt vere at nett det skillet er viktig.

Alt i alt kan vel namna, med dei nødvendige tilleggskvalifikasjonar vere brukbare for denne analysen.

Vi kan summere namna i følgande tabell der vi samtidig har ordna dei etter kor stor andel av variasjonen i observasjonane kvar av faktorane tar vare på:

| | % av variansen |
|-------------------------------------|----------------|
| Urbanisering | 32.5 |
| Giftarmål | 10.4 |
| Industrivekst (investeringar) | 9.0 |
| Arbeidskraftsmobilitet | 6.7 |
| Forstad (familisme?) | 6.6 |
| Skogbruk | 6.2 |
| Konservatisme (religiøs) | 5.7 |
| S u m | 77.1 |

Dei sju generelle faktorane vi har funne tar vare på 77.1 % av variasjonen i observasjonane. I følge den multiple faktoranalysemødelen vil resten av variasjonen i observasjonsmaterialet skuldast to komponentar, ein reit tilfeldig komponent og ein variabelspesifikk komponent. Ut frå vårt formål kan dette karakteriserast som uinteressante størrelsar. Vi kan seie å ha fjerna ein del "støy" og har igjen den interessante variasjonen i dei grunnleggande dimensjonane. Dei sju faktorane vi har funne, er likevel ikkje ein fullstendig beskrivelse av samfunnsstrukturen. Det er sannsynleg at ein med data fra dei utelatte felta ville finne fleire faktorar, eller at tolkinga av dei faktorane vi alt har funne ville blitt ei anna (forstad - familie-faktor?).

DEL IV

S A M A N H E N G E N M E L L O M F R U K T B A R H E T
O G S A M F U N N S S T R U K T U R

KAP. 10. EIN LINEÆR MODELL FOR SAMANHENGEN MELLOM FRUKTBARHET OG SAMFUNNSSTRUKTUR

$$\text{Vektoren } \underset{\sim}{y}^T \cdot i = (\hat{R}_i, \hat{p}_i, \hat{T}_i, \hat{D}_i) = (y_{1i}, y_{2i}, y_{3i}, y_{4i})$$

med estimat av parametrane i Hadwiger-funksjonen gir oss ein samanfattande beskrivelse av fruktbarheta i F-område nr. i. Ein tilsvarende beskrivelse av samfunnsstrukturen i F-område nr. i finn vi i vektoren $\underset{\sim}{X}^T \cdot i = (x_{1i}, x_{2i}, \dots, x_{7i})$ med skårar på dei sju faktor-dimensjonane vi har funne.

A priori er det forutsatt at det eksisterer ein samanheng mellom samfunnsstruktur og fruktbarhet, men ingenting om korleis denne samanhengen ser ut. Ein enkel lineær modell kan vere

$$\underset{\sim}{y} = \underset{\sim}{a} + \underset{\sim}{b} \underset{\sim}{x} + \underset{\sim}{u}$$

der $\underset{\sim}{y}$, $\underset{\sim}{a}$ og $\underset{\sim}{u}$ er (4×77) matriser ($\underset{\sim}{a}$ har 77 like kolonner), $\underset{\sim}{b}$ er ei (4×7) matrise og $\underset{\sim}{x}$ ei (7×77) matrise. $\underset{\sim}{y}$ inneheld parameterestimata, $\underset{\sim}{x}$ faktorskårar, mens $\underset{\sim}{a}$ og $\underset{\sim}{b}$ er koeffisientmatriser og $\underset{\sim}{u}$ er ei matrise av restledd. I estimeringa av $\underset{\sim}{y}$ og $\underset{\sim}{x}$ er det alt fjerne tilfeldige komponentar, men det knyter seg fortsatt usikkerhet til desse estimata (det viser t.d. identifikasjonsproblemet vi støyte på under parameterestimeringa).

Samanhengen mellom restledda i dei tre modellane som har vore nytta er ikkje klarlagt. Tolkinga av restledda $\underset{\sim}{u}$ kan derfor by på problem. Spesielt vil manglande data i faktoranalysen føre til at faktorbeskrivelsen av samfunnsstrukturen ikkje er fullstendig. Det manglar faktorar i $\underset{\sim}{X}$. Dette betyr at mye av restledda i $\underset{\sim}{u}$ i første omgang kan forklarast som utelatte faktorar.

Byråets regresjonsprogram (Holme, Thomsen og Halvorsen (1968)) vart nytta til å estimere $\underset{\sim}{a}$ og $\underset{\sim}{b}$. I praksis blir det da køyrt fire separate regresjonar, ein for kvar venstreside-variabel. Men resultata vil bli dei same om ein foretok den simultane regresjonen ein formelt sett er ute etter (Anderson (1958), kap. 8).

Sidan faktorane kjem ut frå faktoranalysen med gjennomsnitt null, blir $\underset{\sim}{a}^T \cdot j = (\bar{y}_{1e}, \bar{y}_{2e}, \bar{y}_{3e}, \bar{y}_{4e})$, dvs. gjennomsnittet av parameterestimata.

Tabellane 6-11 gir resultata fra regresjonskjøringane.

Sidan det ikkje er forutsatt noko om fordelingane til variablane i modellen, er det problematisk å utføre testar. For problemstillinga i denne oppgåva er det imidlertid viktigare å ha ei formeining om kva for regresjonskoeffisientar som i ein eller annan forstand er store nok til å bidra signifikant til å beskrive variasjonen i venstreside-variablane, enn å vere formelt riktig. Vi noterer derfor at med "normale" forutsetningar vil t-verdiar større enn 1.99 indikere at regresjonskoeffisienten er signifikant ulik null i 95 av 100 tilfelle (Owen (1962)).

Tabell 6. Gjennomsnitt og standardavvik for alle variablene med den skalering som er nytt i regresjonsanalysane

| Variable | Gjennom-snitt | Standard avvik |
|-----------------------|---------------|----------------|
| Urbanisering | -0.04 | 1006.6 |
| Giftarmål | 0.01 | 1006.6 |
| Skogbruk | 0.03 | 1006.6 |
| Industrivekst | -0.05 | 1006.6 |
| Arb.-mobilitet | -0.06 | 1006.5 |
| Konservativisme | -0.03 | 1006.6 |
| Forstad | 0.01 | 1006.6 |
| Param-R | 2895.19 | 415.1 |
| Param-P | 1026.19 | 234.6 |
| Param-T | 1597.31 | 200.4 |
| Param-D | 2776.97 | 75.3 |

Tabell 7. Korrelasjonar mellom variablane som skal nyttast i regresjonane

| | Urbanisering | Giftarmål | Skogbruk | Giftarmål | Urbantisering | Industriekst | Konservatisme | Forstad | Param-R | Param-P | Param-T | Param-D |
|------------------------|--------------|-----------|----------|-----------|---------------|--------------|---------------|---------|---------|---------|---------|---------|
| Giftarmål | -.00 | -.00 | -.00 | -.00 | -.00 | -.00 | -.00 | -.00 | -.00 | -.00 | -.00 | -.00 |
| Skogbruk | .00 | .00 | -.00 | .00 | .00 | .00 | .00 | -.00 | -.00 | -.00 | -.00 | -.00 |
| Industrivekst | .00 | .00 | .00 | -.00 | -.00 | -.00 | -.00 | -.00 | -.00 | -.00 | -.00 | -.00 |
| Arbeidskraftsmobilitet | .00 | .00 | .00 | .00 | .00 | .00 | .00 | -.00 | -.00 | -.00 | -.00 | -.00 |
| Konservatisme | .00 | .00 | .00 | .00 | .00 | .00 | .00 | -.00 | -.00 | -.00 | -.00 | -.00 |
| Forstad | .00 | .00 | .00 | .00 | .00 | .00 | .00 | .00 | .00 | .00 | .00 | -.00 |
| Param-R | -.80 | .05 | .37 | .14 | -.14 | .22 | .22 | -.14 | -.14 | -.14 | -.14 | -.14 |
| Param-P | .74 | .06 | -.30 | -.14 | .28 | -.09 | .16 | -.09 | -.09 | -.09 | -.09 | -.09 |
| Param-T | .47 | -.49 | .00 | -.14 | .32 | .02 | -.11 | -.11 | -.11 | -.11 | -.11 | -.11 |
| Param-D | -.62 | -.36 | .24 | -.13 | -.15 | .26 | -.29 | .29 | .29 | .29 | .29 | -.06 |

Tabell 8. Regresjon med 7 faktor-variablar som høgreside-variablar og parameteren R som venstreside-variabel

| Høgreside-variablar | Regresjons-koeffisient | Standard-avvik på regr.koef. | T-verdi |
|-----------------------|------------------------|------------------------------|---------|
| Urbanisering | -0.331 | 0.017 | -19.99 |
| Giftarmål | 0.022 | 0.017 | 1.35 |
| Skogbruk | -0.152 | 0.017 | -9.15 |
| Industrivekst | 0.057 | 0.017 | 3.41 |
| Arb.-mobilitet | -0.057 | 0.017 | -3.42 |
| Konservativisme | 0.091 | 0.017 | 5.51 |
| Forstad | -0.058 | 0.017 | -3.47 |

Multippel korrelasjon 0.94. Kvadrert 0.89. Standardavvik på estimat 145.4.

Tabell 9. Regresjon med 7 faktor-variablar som høgreside-variablar og parameteren p som venstreside-variabel

| Høgreside-variablar | Regresjons-koeffisient | Standard-avvik på regr.koef. | T-verdi |
|-----------------------|------------------------|------------------------------|---------|
| Urbanisering | 0.173 | 0.014 | 12.66 |
| Giftarmål | 0.015 | 0.014 | 1.09 |
| Skogbruk | 0.065 | 0.014 | 4.77 |
| Industrivekst | -0.032 | 0.014 | -2.40 |
| Arb.-mobilitet | 0.066 | 0.014 | 4.82 |
| Konservativisme | -0.020 | 0.014 | -1.48 |
| Forstad | 0.039 | 0.014 | 2.70 |

Multippel korrelasjon 0.87. Kvadrert 0.76. Standardavvik på estimat 119.7.

Tabell 10. Regresjon med 7 faktor-variablar som høgreside-variablar og parameteren T som venstreside-variabel

| Høgreside-variablar | Regresjons-koeffisient | Standard-avvik på regr.koef. | T-verdi |
|-----------------------|------------------------|---------------------------------|---------|
| Urbanisering | 0.094 | 0.015 | 6.22 |
| Giftarmål | -0.097 | 0.015 | -6.38 |
| Skogbruk | 0.000 | 0.015 | 0.03 |
| Industrivekst | -0.028 | 0.015 | -1.84 |
| Arb.-mobilitet | 0.065 | 0.015 | 4.26 |
| Konservativisme | 0.003 | 0.015 | 0.20 |
| Forstad | -0.022 | 0.015 | -1.47 |

Multippel korrelasjon 0.77. Kvadrert 0.60. Standardavvik på estimaet 133.2.

Tabell 11. Regresjon med 7 faktor-variablar som høgreside-variablar og parameteren D som venstreside-variabel

| Høgreside-variablar | Regresjons-koeffisient | Standard-avvik på regr.koef. | T-verdi |
|-----------------------|------------------------|---------------------------------|---------|
| Urbanisering | -0.046 | 0.004 | -10.64 |
| Giftarmål | -0.027 | 0.004 | -6.17 |
| Skogbruk | -0.018 | 0.004 | -4.13 |
| Industrivekst | -0.010 | 0.004 | -2.24 |
| Arb.-mobilitet | -0.011 | 0.004 | -2.53 |
| Konservativisme | 0.019 | 0.004 | 4.47 |
| Forstad | -0.022 | 0.004 | -5.01 |

Multippel korrelasjon 0.87. Kvadrert 0.77. Standardavvik på estimatelet 38.3.

KAP. 11. DISKUSJON AV RESULTATA

Fruktbarhetsnivået

Parameterestimatet \hat{R} er eit anslag på det samla fruktbarhets-tallet for befolkninga (total fertility rate). Dette kan tolkast som det forventa tallet barn som ville bli født av 36 kvinner i løpet av eit år dersom kvinnene var trekt tilfeldig med ei kvinne frå kvar av dei 36 aldersklassene frå 15 til og med 50. Resultata i tabell 8 viser at \hat{R} minkar med aukande urbanisering, med aukande betydning av skogbruk, med aukande grad av mobilitet og med aukande preg av forstad (dersom det er tale om ein familiefaktor, bør det vel vere "etablerte familiar" som eventuelt har nok barn?). \hat{R} aukar med aukande grad av religiøs konservatisme og med aukande industriinvesteringar. Koeffisienten til faktoren Giftarmål er ikkje stor nok til at den kan bidra signifikant til å beskrive noko av variasjonen i \hat{R} .

I analyser av differensiell fruktbarhet er variablar som Urbanisering, Mobilitet og Religion ofte brukt som forklaringsvariablar (Cho et al. (1970)). Dei forteikn vi finn for desse variablane er ikkje i strid med dei samanhengane ein vanlegvis finn.

Det problematiske resultatet i denne tabellen (nr. 8) er at faktoren Giftarmål ikkje påverkar fruktbarheta. Dei to mellomliggende variablane andel gift og alder ved giftarmålet har i faktoranalysen gått saman til ein faktor. Det er rimeleg nok. Dersom ei befolkning skal ha høg andel gift i ein aldersklasse, må medlemmene av befolkninga begynne å gifte seg før dei kjem i denne aldersklassen. Det er såleis ein negativ samanheng mellom andel gift og alder ved giftarmålet.

I kohort-studiar er det eit vanleg resultat at tallet av fødslar ei kvinne har hatt aukar med lengda av ekteskapet (Bernhardt (1971)). Tidleg gifte favoriserer derfor eit stort barnetall. Det verkar også rimeleg at i ei befolkning med høg andel gift skal fødsestalla vere høgare enn i ei befolkning med mindre andel gift. Korleis kan det så gå til at faktoren Giftarmål ikkje påverkar fruktbarhetsnivået i befolkninga?

To konklusjonar er mogelege: Modellane vi har freista å knyte saman har ingenting med virkeligheten å gjere, i alle fall ingenting med sambandet fruktbarhet - samfunnsstruktur; eller så er teorien som forut-

seier eit sterkt samband mellom giftarmål og fruktbarhet kanskje ikkje fullstendig. Det er kanskje forståeleg at eg i første omgang stiller spørsmålstegegn ved teorien.

I eit samfunn der prevensjon blir brukt bevisst av store grupper, og har vore anerkjent i lengre tid som hjelpemiddel til å regulere antallet barn i ekteskapet, er det ikkje urimeleg at giftarmålsalder blir regulert av andre faktorar enn dei som bestemmer barnetallet. Sjølv om ein relativt stor prosent av ekteskapa får barn mindre enn eitt år etter bryllupet, verkar det berre til å forskyve fødslane mot yngre årsklasser, så lenge effektiv prevensjon kan takast i bruk når det er nødvendig. Giftarmålsalderen vil derfor berre påvirke forma av aldersfordelingskurva for fruktbarheta. Likevel står vi igjen med at det finst ein logisk samanheng mellom andel gift og \hat{R} slik vi reknar den ut. Denne samanhengen vil eksistere så lenge det er skilnad i fødselsratene for gifte og ugifte.

Det er likevel mogeleg for kovariansen mellom R_T (" \hat{R} " for alle kvinner) og A_u (andel ugift) å vere null.

Anta vi har samanhengen $R_T = R_G - k A_u$, der k er ein konstant ($k > 0$) og $R_G = "R"$ for gifte kvinner i befolkninga. Da vil

$$0 = \text{cov}(R_T, A_u) = \text{cov}(R_G - k A_u, A_u) = \text{cov}(R_G, A_u) - k \text{var}(A_u)$$

